



Frå toppen av Siggjo - vinnar av Årets turbilete i Sunnhordland 2015 – Friluftslivets år. (Foto: Bjarte Dalland)

ÅRSMELDING 2015

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset, Leirdalen 1

5430 Bremnes

Tlf.: 53 42 30 00

Faks: 53 42 30 01

Epost: postmottak@bomlo.kommune.no

Handsama i formannskapet: 31.05.2016

Vedteke av kommunestyret: 20.06.2016 Sak: PS 54/2016

INNHOLD

INNHOLD	2
POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGONGEN AV 2015	4
RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR	5
TEMASIDER	6
ORGANISASJON 2015	10
OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT	10
HELSE, SOSIAL OG OMSORG	10
TEKNISK, BRANN OG BEREDSKAP	10
ARBEIDSGJEVARFUNKSJONEN OG KOMMUNAL PERSONALPOLITIKK	11
<i>Opplæring</i>	11
<i>Sjukefråvær og atføring</i>	12
<i>INKLUDERANDE ARBEIDLIV</i>	14
<i>Likestilling</i>	17
<i>Seniortiltak</i>	19
ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT	22
NØKKELTAL	29
PREMIEAVVIK/TILLEGGSLØYVING/UFORDELTE POSTAR	36
FOLKEHELSE OG FRILUFTSLIVETS ÅR 2015	37
SENTRALE STYRINGSORGAN	38
<i>Innleiing</i>	38
<i>Økonomisk resultat 2015</i>	38
ANSVARSMRÅDA UNDER SENTRALE STYRINGSORGAN	39
<i>Politiske styringsorgan</i>	39
<i>Rådmann</i>	39
<i>Økonomi</i>	42
<i>Personal</i>	42
FORVALTNING	43
<i>Næring</i>	43
<i>Fellessekretariat og kundetorg</i>	45
OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT	46
<i>Dei første åra</i>	47
<i>Grunnskule</i>	48
<i>Bømlo vaksenopplæring – BVO</i>	49
<i>Integreringsmidlar</i>	50
<i>Asylmidlar</i>	51
<i>Bømlo kulturskule</i>	51
<i>Bibliotek</i>	53
<i>Barne- og familietenesta</i>	53
<i>Barnevern</i>	54
HELSE, SOSIAL OG OMSORG	55
<i>Innleiing</i>	55
<i>Helsetjenester</i>	57

HELSE OG OMSORGSTENESTER I HEIMEN.....	58
TENESTEKONTORET.....	59
INSTITUSJON-/DAGTILBOD:.....	59
PSYKISK HELSE.....	61
HELSETENESTA.....	61
NAV.....	62
TEKNISK AVDELING	63
INNLEIING.....	63
ØKONOMISK RESULTAT 2015	63
ANSVARSMRÅDA UNDER TEKNISK AVDELING.....	64
AREALBRUK/LANDBRUKS- OG MILJØAVDELING/TEKNISK DRIFT.....	64
BRANNVERN/FEIING	66
BEREDSKAP	66
FØREBYGGJANDE	66
KYRKJELEGE FØREMÅL	68



Frå vegarbeidet på Fv 541 Hestaneset – Tjong. (Foto: Geir Einarsen)

**POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING
VED UTGONGEN AV 2015***Ordførar Odd Harald Hovland, Ap*

POLITISK		
Odd Harald Hovland	(Ap)	Ordførar
Sigrun Alvsvåg	(KrF)	Varaordførar
Ragnhild Ravna Skjærvik	(Ap)	Leiar utval for oppvekst, kultur og idrett
John Magne Søvold	(Ap)	Leiar utval for areal og samferdsel
Hans Otto Robberstad	(Ap)	Leiar utval for helse og omsorg
Annbjørg Legland		Leiar Bømlo eldreråd
Birgit Sønstabø Esperø	(KrF)	Leiar Råd for likestilling av funksjonshemma
ADMINISTRATIV		
Geir E. Aga		Rådmann
Kjell Magnar Mellesdal		Kommunalsjef helse, sosial og omsorg
Bjørn Håvard Bjørklund		Kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur
Aud Gunn Løklingholm		Organisasjonssjef/assisterende rådmann
Jarle Nakken		Økonomisjef
Toralf Meling		Teknisk sjef (permisjon)
Nils Kåre Nysæter		Konstituert teknisk sjef
Simon Knutsson Sortland		Informasjonssjef
Revisjon		Deloitte AS

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Rådmannen skreiv i førre årsmelding at det framover vil vere avgjerande at kommunen tek strukturelle grep for å kome ut av den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i. Resultatet for 2015 gir kommunen litt betre handlingsrom, underskotet for 2013 er dekka inn og kommunen kan setje av midlar til disposisjonsfond.

Kommunen sin økonomi er på ingen måte friskmeldt og nytt inntektssystem vil mest sannsynleg redusere overføringane til Bømlo kommune.

Det vil derfor også framover vere stor trøng for å sjå på strukturelle grep som kan sikre eit lågare kostnadsnivå og tilsvarande gi kommunen eit auka handlingsrom.

Rådmannen er likevel godt nøgd med at me i 2015 har god budsjettstyring i verksemndene og at me har kultur for at driftsrammene skal haldast. Det vil i nokre tilfelle vere gode grunnar for avvik, men desse skal rapporterast undervegs i budsjettåret og som hovudregel finansierast med tilpassingar i drifta.

Investeringsramma for 2015 var relativ låg, men det er i løpet av året gjort tunge investeringsvedtak med oppgradering av fleire skular og ny Bremnes ungdomsskule som dei tyngste. Bømlo tek inn ca. 30 mill. i eigedomsskatt i 2015. Halvdelen av denne summen vert nytta til å finansiere drifta og tenestene våre. Me nyttar meir midlar både til helse og omsorg, skule og barnehage enn samla skatt og rammetilskot. Det bør etter rådmannen sitt syn vere eit mål at eigedomsskatten går til å finansiere investeringar og at drifta fullt ut blir finansiert av skatt og rammetilskot.

Store delar av næringslivet vårt går no gjennom store omstillingar. Kommunen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for eit sunt og variert næringsliv og me vil også framover vere proaktive med omsyn til å få realisert fiskerihamn i Langevåg og nytt industriområde på Rubbestadneset. Det er også eit mål å få realisert heile «Bømlopakken». Det har vore rekordinvesteringar på vegfronten i 2015.

Bømlo leverer gode tenester til sine innbyggjarar. Målet er at me framover i endå større grad enn i dag har fokus på førebygging. Ei slik tilnærming gir mange ein betre livskvalitet enn om vi nyttar ressursane til «reparasjon». Kommunen har dyktige og kvalitetsbevisste medarbeidarar og rådmannen vil takke alle for god innsats og for det bidrag kvar og ein gir til eit godt arbeidsmiljø.

Det vil vere eit mål for rådmannen at me også når det gjeld våre tilsette skal auka vår fokus på førebygging slik at me held sjukefråveret nede og at tilsette kan vere i arbeid lengst mogleg. Vi har store utfordringar framfor oss. Rådmannen vil tilrå at me møter utfordringane basert på fagleg og forskingsbasert kunnskap.



Rådmann Geir E. Aga

Bømlo kommune

Geir E. Aga

Rådmann

TEMASIDER

DAGTILBODET ER EIT TRIVSELSHUS

Dette er ein god plass for oss gamlingane å møtast, slår ein nøgd brukar ved dagtilboden for eldre fast.

Det var også målet då dagtilboden for eldre og demente vart lagt inn under heimetenesta og flytta frå gamle BBR til nyoppussa lokale i det tidlegare aktivitetsenteret for psykisk utviklingshemma.

Med nytt og tilpassa bygg er det lettare å skapa ulike aktivitetar, og tilbakemeldingane er særstak positive, konstaterer avdelingsleiar May Linn Kloven Bortne.

Målet vårt er å treffa eldre som ynskjer å koma seg ut for å treffa likesinna for sosialt samvær, god mat og drøs. Me ynskjer å skapa ulike aktivitetar der alle brukarane ikkje treng vere med på alt samstundes. Me henter og bringer brukarane her slik at dei unngår stresset med taxi og venting, fortel Kloven Bortne.

*Middagsbordet må dekkast.
(Foto: Simon K. Sortland)*



To av dagane er tilboden ope er for folk med demenssjukdom. Det er



*Bingo er ein populær aktivitet.
(Foto: Simon K. Sortland)*

viktig å skapa gode kjensler som sit lenge i kroppen. Baking i vårt store og funksjonelle kjøken gir ei god lukt av nordlandskaker eller boller i huset. Å skapa ei kjend og heimekoseleg atmosfære er viktig for trivnaden, legg fagansvarleg Marit Grønningen til.

Ho har med seg to helsefagarbeidarar og ein assistent til å driva tilboden. Dei tilsette har fått vore med og utforma bygget, og det har vore viktig. Nytt namn for å erstatta «dagtilboden» jobbar dei med no. Tilboden er ikkje lovpålagt, men vert gitt etter søknad til tenestekontoret.

Dette skal vere eit ope hus der dei som ikkje er faste brukarar også kan kome og bidra med ein aktivitet eller ta ein kopp kaffi og drøsa. Friviljuge og pensjonistar som har noko dei ynskjer å bidra med er hjarteleg velkomne.

Her er alt tilrettelagt med ein flink stab, god mat, tilsyn og eit sosialt samvær som er viktig for oss. Men eg vann ikkje på bingoen i dag, fortel ein humørfult brukar.

IKT PÅ OFFENSIVEN

IKT-avdelinga styrka staben og auka kapasiteten på drifting av ePhorte, serverpark og support. - IT utviklar seg fort, og det krev sitt å følgja med, seier IKT-leiar Andre Thinh Nguyen.

Stadig utvikling og vekst i nettverket gjer jobben til dei fem fast tilsette og tre lærlingane på IKT-avdelingane meir komplisert. Dermed er dei og meir sårbare. For å sikra kompetanseoverføring, sikring, auka kapasitet og få inn litt nyttenking vart det oppretta ei ny 100% stilling i 2015.

*Helge Bjørnevik er siste tilskot til IKT-avdelinga.
(Foto: Simon K. Sortland)*

Me har hatt eit hektisk 2015 med å gjere alt klart for den tekniske løysinga for digital sending av post via SvarUT og oppgradering av trådlauast nettverk og maskinparken i skulesektoren.



Alle politikarane skulle ha ny Ipad, og me har utvida lagringskapasiteten for heile serverparken vår, fortel Thinh. I tillegg har dei lagt til kartintegrasjon i ePhorte og oppgradert Exchange server 2013.

Oppgradering for lærlingane

Kontorlokala og arbeidsstasjonane til lærlingane vart oppgraderte, og no har dei også fått skiljevegger for å redusere støynivået noko. Atle Midtbø overtok ansvaret for lærlingane i 2015.

Me har fått eit betre arbeidsmiljø ved å sikra ny og overlappande kompetanse og kapasitet i avdelinga, samt dei betra arbeidstilhøve for lærlingane, meiner IKT-leiaren.



*IKT-lærlingane har fått oppgradert kontor.
(Foto: Simon K. Sortland)*



Debattforumet «Me snakkast» samlar mykje ungdom i biblioteket. (Foto: Svein Olav B. Langåker)

FRÅ LESESAL TIL YOGASAL

Kor kan du gå på yogakurs, språkkafé, spanskkurs, bokkafé, lokalhistoriske kveldar, teater og politiske debattar? Jo, på biblioteket! Men du kan framleis få låne bøker elle berre lese aviser også.

Bømlo folkebibliotek med biblioteksjef Astrid Drevland i brodden har til fulle fulgt opp formålsparagrafen om å gjere biblioteket om frå lesesal til litteratur-hus. Vår driftige biblioteksjef kan sjå tilbake på eit 2015 fullt av mange spennande og godt besøkte arrangement.

Biblioteket skal vere møteplassen du kan koma til utan noko som helst krav om forventning til deg. Me ynskjer det skal bli eit litteraturhus som sydar av liv og aktivitet. Då må me satsa på arrangement som trekkjer folk og at dei får sjå vårt fantastiske tilbod, seier ei engasjert Drevland.

Satsinga «Me snakkast» er eit debattforum for å engasjera ungdomen til å bli aktive i samfunnsdebatten og har slått godt an. Likeså dei lokalhistoriske kveldane med journalist og forfattar Kristine Sele. Særleg eldre menn som til vanleg ikkje er å sjå i lesesalen flokkar seg til biblioteket desse kveldane.

Når samfunnet rundt oss endrar seg må også biblioteka omstilla seg og bli aktive på

andre arenaer.

Ikkje minst for å vega opp nedgangen i utlån av bøker, sjølv om utlån av e-bøker har gått noko opp, seier Drevland.



Yogainstruktør Emily Skimmeland.
(Foto: Astrid Drevland)

Den friviljuge ordninga med Leseombod som les høgt for folk på institusjonar som sjølv ikkje har høve til å lese har blitt særskilt populær. For born fell lesestunder annakvar onsdag i smak. Tilbodet oppsøkjande bibliotek er også populært.

Modellbibliotek

Bømlo filial vart modellbibliotek i 2015 og dei har fått stønad frå fylkeskommunen til å kjøpa nytt inventar. Dette er også skulebibliotek på Hillestveit. Det vil gå frå tre timars opningstid i veka til å bli meirOpe, altså eit døgntilbod, når den tekniske løysinga er på plass.

ORDEN OG TRIVSEL RÅR I HOLLUNDSDALEN



Orden gir trivsel og effektivitet hos teknisk drift i Hollundsdalen.
(Foto: Simon K. Sortland)

- Her har alt sin faste plass, og her er det ein for alle og alle for ein som gjeld, seier avdelingsleiar for teknisk drift, Vardan Vardanyan.

Kontrastane mellom deira eigne nyoppussa lokaler i Hollundsdalen og kaoskvarden dei møtte ute i kommunen etter stormen «Nina» er som natt og dag. Teknisk drift har alt på stell, og var godt førebudd på å takla utfordringane.

Alt utstyr og kvart køyrety har sine faste merka plassar, og ein traverskran tek seg av dei tunge løfta. Her er eigne rom for kjemikalier og maling, lager, ulike verkstadar og vaskestasjon. Uteområda er godt merka for parkering med faste plassar for brøyteskjer og tilhengjarar.

Kvar onsdag og fredag vaskar dei bilar og verkstaden og sjekkar at alt utstyret er i orden. Godt vedlikehald forlenger levetida på utstyret.


Avdelingane under teknisk drift er grønt og samferdsle og vedlikehald bygg. Den 20 man sterke troppen har vore gjennom eit generasjonsskifte i 2015, og hatt ein del sjukefråver.

Med nytt bygg frå 1. januar 2015 fekk dei ny kontorfly, arkiv og rekvisitarom, trimrom og eit moderne møte-/spiserom. Det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet har endra seg radikalt etter flyttinga. Her er alt tilrettelagt for trivsel og effektivitet.

- Eg angrar ikkje på at eg skifta over frå det private til teknisk drift i kommunen, seier ein nøgd kollega.



ORGANISASJON 2015



I tabellen under går det fram kva områder som er definert som verksemder:

Oppvekst, kultur og idrett	Helse, sosial og omsorg	Teknisk, brann og beredskap
Espevær skule	Bømlo bu- og helsesenter	Brann/beredskap
Foldrøy skule	Bømlo heimetenester	Arealbruk
Gilje skule	Habiliteringstenesta	Landbruk/Miljø
Meling skule	Søre Bømlo omsorgsområde	Teknisk drift
Våge skule	Tenestekontoret	
Bremnes ungdomsskule	Helsetenester	
Hillestveit skule	NAV	
Moster skule		
Rubbestadneset skule		
Svortland skule		
Bømlo voksenopplæring		
Barne- og familietenesta		
Bømlo kulturskule		
Bibliotek		

Arbeidsgjevarfunksjonen og kommunal personalpolitikk

Tabellen nedanfor syner utviklinga frå 2010 til 2015 når det gjeld lønsutgifter (i heile tusen kroner).

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Samla lønsutgifter	394 557	418 457	449 035	481 511	509 399	530 443
Av dette løn i faste stillingar	241 549	262 211	275 310	286 403	306 715	324 949
Særskilde tillegg til løna	23 940	24 204	25 423	27 810	29 123	28 230
Ekstrahjelp og overtid	5 608	9 985	10 243	12 467	12 669	12 720
Godtgjersle til folkevalde	1 862	2 140	2 107	2 243	2 114	2 318
Andre lønsutgifter	42 358	38 071	38 408	47 226	49 239	48 185
Pensjon og arbeidsgjevaravgift	79 240	81 846	94 607	105 362	109 540	114 041
Vekst i kommunen sine lønsutgifter	25 682	23 900	30 578	32 476	27 889	21 044
Vekst i %	7,0	6,1	7,3	7,2	5,8	4,1

Kommentar til tabellen: Tala som kjem fram under Pensjon og arbeidsgjevaravgift er inklusiv premieavvik og uttak frå premiefondet i KLP.

Auke i brutto lønskostnader, tariffrevisjonen og lokale lønsforhandlingar

Tilsette som hører til HTA kap 4 vert omfatta av sentrale forhandlingar og får mesteparten av sin lønsauke framforhandla sentralt. Tariffoppgjeret for 2015 var eit mellomoppgjer og det var ikkje lokale forhandlingar for tilsette i kap 4.

Forhandlingar for tilsette i kapittel 3 (verksemdeiarar) og i kapittel 5 (tilsette som ikkje er omfatta av sentral lønsregulering) skal kvart år førast på sjølvstendig grunnlag, etter visse kriteria og utan føringar frå sentralt hald. I samsvar med forhandlingsbestemmelsane vart det i 2015 gjennomført lokale forhandlingar for tilsette innan kap. 3, pkt. 3.4.2. og kap. 5.

For tilsette i heile KS sitt tariffområde (kommunar og fylkeskommunar) har det vore ei gjennomsnittleg års-lønsvekst frå 2014 til 2015 på 3,3%. Lønnsoverhengen til 2016 er i fylge TBSK (Teknisk beregnings- og statistikkutvalg for kommunesektoren) 0,6% i gjennomsnitt for alle kommunalt tilsette.

Årlønsveksten for stillingar med berre lokal lønsfastsetjing var i tariffområdet på 4,2% for stillingar løna etter HTA kapittel 3.4 og 3,4% for stillingar løna etter HTA kapittel 5.

Opplæring

Felles opplæringskonto vart mellom anna nytta til gjennomføring av 40 timars kurs – opplæring i arbeidsmiljø. I tillegg til fellestiltaka nyttar verksemndene midlar frå eige budsjett til kompetanseheving.

Sjukefråvær og attføring


Samla sjukefråvær i 2015 var på 7,1 % mot eit fråvære på 6,8 % i 2014.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2015 fekk Bømlo kommune totalt 14,74 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 15,46 mill. kroner i 2014. Desse inntektene kan nyttast til å dekka kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgjevar får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjevarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innafor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarande gjeld ved fødselspermisjon. Bømlo kommune fekk totalt 6,55 mill. kroner i fødselspermisjonsrefusjonar i 2015 mot 8,06 mill. kroner i 2014.

Samla sjukefråvær i % av moglege dagsverk:

Tabellen under syner utviklinga i samla sjukefråvær i kommunen frå 2009 – 2015





Som tabellen syner har det vore ein auke i sjukefråværet i Bømlo kommune frå 2012 til 2015.

I 2015 var det avtalt totalt 170 041 dagsverk og det var registrert 12 131 dagsverk med sjukefråvær. Tilsvarende tal for 2014 var 168 209 avtalte dagsverk og 11 446 dagsverk med sjukefråvær. Dette gjev ein fråværsprosent i 2015 på 7,1 % mot 6,8 % i 2014.

Korttidsfråvær (fråvær inntil 16 dagar) i dagsverk år:

Korttidsfråværet var på om lag 3521 tapte dagsverk. Dette er ei klar auke frå 2014, der korttidsfråværet var på om lag 3008 tapte dagsverk. Figuren under syner utviklinga.

**Langtidsfråvær (fråvær over 16 dagar) i dagsverk år:**

Bømlo kommune hadde 8610 tapte dagsverk i 2015 grunna langtidssjukdom (fråvær over 16 dagar). Dette er ein auke på 173 dagsverk frå 2014.

Samanlikningstal fråvær fordelt på sektor og kjønn i prosent av avtalte dagsverk

	Bømlo 2013			Bømlo 2014			Bømlo 2015		
	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %
Samla fråvær	6,71	0,98	5,73	6,80	0,85	5,95	7,13	0,98	6,15
Kvinner	7,19	0,95	6,24	7,17	0,81	6,36	7,34	0,98	6,36
Menn	4,83	1,1	3,73	5,27	1,01	4,26	6,22	0,99	5,23
Helse og sosial	9,26	0,95	8,31	7,97	0,74	7,23	8,81	1,05	7,76
Kvinner	9,64	0,95	8,69	8,21	0,74	7,47	9,04	1,06	7,98
Menn	3,26	0,99	2,27	4,14	0,67	3,47	4,98	0,84	4,14
Oppvekst	5,08	0,97	4,11	5,75	0,92	4,83	5,16	0,91	4,25
Kvinner	5,35	0,96	4,39	6,04	0,87	5,17	5,7	0,89	4,81
Menn	4,12	1	3,12	4,68	1,09	3,59	3,02	0,97	2,05
Teknisk	6,77	1,16	5,61	7,89	1,07	6,82	13,07	1,22	11,85
Kvinner	1,77	1,51	0,26	7,85	1,92	5,93	4,91	2,02	2,89
Menn	7,76	1,1	6,66	7,89	0,89	7,00	14,64	1,07	13,57
Sentraladm.	5,35	1,12	4,23	5,62	0,91	4,71	5,13	0,84	4,29
Kvinner	6,74	0,88	5,86	6,76	0,66	6,1	6,14	0,72	5,42
Menn	3,61	1,92	1,69	3,61	1,92	1,69	3,07	1,06	2,01

Bømlo kommune har hatt ein auke i sjukefråværet frå 2014 til 2015 med 0,3 prosentpoeng.

Helse- og omsorgssektoren har hatt ein auke i sjukefråværet med 0,8 prosentpoeng medan oppvekst har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 0,6 prosentpoeng. Teknisk sektor har hatt ein auke i sjukefråværet med 5 prosentpoeng samanlikna med 2014. Tilsvarande tal for sentraladministrasjonen syner ein reduksjon på 0,5 prosentpoeng.

Inkluderande arbeidsliv

Kommunen har fleire arbeidstakrar som har vanskar med å stå i den stillinga dei i utgangspunktet er tilsett i. Det er ei målsetting at slike saker skal finna si løysing i det daglege arbeidet ute på arbeidsplassane. Oppfølging av sjukmeldte krev kontinuerleg arbeid. Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid. Å ha tett samarbeid med NAV er viktig, særleg når det vert stilt strengare krav til oppfølging og tilrettelegging for tilsette med helseproblem.

Bømlo kommune har følgjande mål for sitt IA-arbeid:

- 1) Redusera sjukefråværet til under 5,4 %
- 2) Tilrettelegge for eigne tilsette/og andre som får helseproblem/har funksjonshemning.
- 3) Tiltak som inspirerer til å stå i arbeid lengst mogleg etter fylte 62 år.

Arbeidet starta juni 2010 og er forankra i sak til KST november 2010, der KST slutta seg til prinsippa for arbeidet og dei kommunale måla. Arbeidet er styrt av «Partsamansett utval» som består av administrasjon,

dei største organisasjonane, H-verneombodet og NAV-arbeidslivssenter og YSST HMS. Partssamansett utval har møter 1 gong i månaden, mot møter kvar veke i oppstarten.

IA-arbeidet oppsummert til no

Bømlo kommune har hatt innsats på tre ulike nivå:

- Organisatorisk nivå
- Verksemdsnivå (tiltak på arbeidsplassar med høgt fråvær)
- Individnivå

Organisatorisk nivå:

I «Mål og tiltaksplan for IA-arbeidet i Bømlo Kommune» har partane mellom ca. 20 tiltak kome fram til 8 innsatspunkt som skal prioriterast.

Desse punkta er:

1. **Medråderettmøte.**
2. **Medarbeidarsamtale.**
3. **Heilskapleg avvikssystem.**
4. **Årleg arbeidsmiljøundersøking.**
5. **Heilskapleg HMT-plan for kommunen.**
6. **Revitalisera arbeidet i Arbeidsmiljøutvalet.**
7. **Introduksjon av nytilsette og bruk av prøvetid.**
8. **Tilrettelegging for den einskilde inklusive seniorar.**

Etter at kommunen kom med i utviklingsprogrammet Saman om ein betre kommune, valde styringsgruppa for dette 5 årige prosjektet at ein i tillegg skulle arbeide med ein livsfaseorientert plan, arrangera årlege trivselsdagar for heile personalet og dele ut ein årleg trivselspris.

Medråderettmøte:

IA-avtalen er ein trepartsavtale der arbeidstakarorganisasjonane/verneombodet er den eine av tre partar. For at samarbeidet skal fungera på alle arbeidsplassar må partane møtast etter ein fast plan. Me har kalla dette for **medråderettmøte**.


Partane har bestemt at desse møta skal vera ein gong i månaden, vera datofesta og at alle møta skal ha arbeidsmiljøet/sjukefråvær på arbeidsplassen som tema. Det skal først referat frå møta.

Medarbeidarsamtale:

Partane har bestemt at **alle** tilsette i Bømlo Kommune skal kallast inn til medarbeidarsamtale ein gong i året. Det er ikkje laga faste/like opplegg for gjennomføring av samtalen, men alle skal ha arbeidsmiljøet til medarbeidaren som tema. I tillegg skal kompetansen til den einskilde vera tema. Har den tilsette nok kompetanse til å utføra den jobben ein er sett til å gjera? Kvar verksemdsleiar skal rapportera til sin kommunalsjef på desse to punkta ein gong i året.

Heilskapleg avvikssystem:

Kommunen innførte KvalitetsLosen i 2012 som kvalitetssikringssystem. Det har vore gjennomført omfattande opplæring for alle tilsette i bruk av Kvalitetslosen.



Årleg arbeidsmiljøundersøking:

Partane har bestemt at alle verksemder skal gjennomføra ei arbeidsmiljøundersøking kvart år. Denne undersøkinga har kommunen laga sjølv. Undersøkinga bygger på ein sosioteknisk modell. Undersøkinga vart gjennomført for femte gong i år 2015 på alle arbeidsplassar og kommunen har laga eit metodisk opplegg for oppfølging og etterarbeid.

Gilje skule vann Trivselsprisen 2015. F.v Lillian Sortland Kallevåg, rektor Liv Marit Notland og Anders Stavland.
(Foto: Simon K. Sortland)



Resultata av prosessen skal rapporterast til kommunalsjef ein gong i året og enda opp i ei oppsummerings-sak i AMU. Kommunen har inngått ein 5 årig avtale med KS om at dei etterbehandlar alle svara i sitt data-system og sender oppsummeringa tilbake til kommunen.

Heilskapleg HMS-plan for kommunen:

Kommunen har utarbeidd ei overordna HMS-handbok som vart vedteken av AMU 21. mars 2012. Verksemde arbeidar med å tilpassa denne planen i sine handlingsplanar. HMS-planen gjenspeglar dei 8 innsats-punkta som kommunen har vedteke å gjennomføra.

Revitalisera arbeidet i Arbeidsmiljøutvalet:

Erfaringar gjennom dei seinare åra, viser at arbeidsmiljøutvalet i kommunen ikkje har hatt tilstrekkeleg fokus på sentrale spørsmål som sjukefråvær/avvik og arbeidsmiljø. Me har sett i gang systemiske endringar for å sikra at arbeidsmiljøutvalet arbeidar etter det som arbeidsmiljølova § 7-2 definerer som arbeidsmiljø-utvalet sine oppgåver.

Introduksjon av nytilstede og bruk av prøvetid:

Bømlo kommune har plan for introduksjon av nytilstede og bruk av prøvetid. Målingar viser at ikkje alle nytilstede i faste stillingar har fått ta del i introduksjonsprogrammet. Dette er ikkje tilfredstillande, så her må me på nytt informera og minna kvarandre på kva me faktisk har bestemt.

Tilrettelegging:

Innsatspunktet inneheld både oppfølging av sjukmeldte og det førebyggjande arbeidet for å hindra at personale blir sjukmeldt. Det krev både kunnskap og felles forståing i heile organisasjonen dersom me skal lukkast med å redusera sjukefråværet. I tett samarbeid med NAV-arbeidslivssenter, NAV Bømlo og YSST- HMS arrangerer kommunen faste møte med verksemdsleiarane for å informera og hjelpa dei i arbeidet.

I 2015 fekk Bømlo kommune utbetalt kr 609 299 i tilretteleggingstilskot frå NAV mot kr 1 104 405,- i 2014. Dette omfattar mellom anna tilretteleggingstilskot, lønstillskot og tilskot knytt til praksisplassar. Tilskotet var delt på 15 ulike ansvarsområde mot 12 ulike ansvarsområde i 2014. Bømlo kommune fekk tilsegn om kr 913 141 i tilretteleggingstilskot frå NAV i 2015. Til samanlikning var tilsvarande tal for 2014 kr 620 000, 2013 kr 725 000, 2012 kr 645 000, 2011 kr 600 000 medan tilskotet for 2010 var kr 305 000.

Bømlo Kommune har ein heilskapleg måte å arbeide med IA-arbeidet på. IA-arbeid fordrar langsiktig og systematisk arbeid. Me meiner arbeidet har bidrige til at linjeleiarar, tillitsvalde og verneombod har naudsynt kompetanse for å kunna driva eit aktivt IA-arbeid over tid. Det er krevjande å få partane i heile organisasjonen til å forstå drivkreftene bak utvikling i sjukefråværet, utstøyting og fråfall/manglande inkludering i arbeidslivet. Då har me vald å setja inn organisatoriske endringar som skal vera robuste nok til å sikra betre praksis over tid.

Bedriftshelsetenesta (YSST HMS) og kontaktpersonen i NAV vert også nytta i samband med opplæring i IA-avtalen og oppfølgingssaker.

Bømlo kommune har til ei kvar tid fleire personar på praksisplassar. Personar som av ulike grunnar er utanfor arbeidslivet får her høve til å få praksis som kan gjera det lettare å koma i ordinært arbeid seinare. Dette er eit arbeidsmarknadstiltak som ikkje er retta mot eigne tilsette, og vert formidla via NAV.

Arbeidsmiljø

I ein hektisk kvardag ligg dei største utfordringane innan psykososialt arbeidsmiljø, slitasjeskader og inneklima i einskilde bygg. Det vart gjennomført medarbeidarundersøking i 2014.

Bedriftshelsetenesta vert også nytta i samband med måling av inneklima. Det er halde fagsamlingar for verneomboda.

AMU behandla til saman 22 saker delt på fire møter i 2015.

Likestilling

Etter likestillingslova § 24 tredje ledd, har kommunen plikt til å greia ut om likestilling i eiga verksemd.

Arbeidsgivere skal redegjøre for:

- a) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling i virksomheten og
- b) likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å oppfylle aktivitetsplikten etter § 23.

Redegjørelsesplikten gjelder for virksomheter som i lov er pålagt å utarbeide årsberetning. Disse skal ta redegjørelsene inn i virksomhetens årsberetning.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02. Handlingsplanen er ei rettesnor for likestillingsarbeidet.

	Alle 2014	Kvinner i Bømlo 2014	Menn i Bømlo 2014	Alle 2015	Kvinner i Bømlo 2015	Menn i Bømlo 2015
Toppleiarar		25 %	75 %		25 %	75 %
Verksemndsleiarar		77 %	23 %		82 %	18 %
Løn:						
Gjennomsnittleg årsløn for verksemndsleiarar i Bømlo kommune	640 200	637 800	648 300	661 700	659 000	674 000

Leiarar

I Bømlo kommune var ein av fire toppleiarar kvinner i 2015. Dette er uendra frå 2013. Av 22 verksemdeleiara er 18 kvinner og 4 menn. Dette tilsvrar ca 82 % kvinner og 18 % menn. Noko som er ei endring frå 2014 med ein kvinneleg verksemdeleiar meir og ein mannleg verksemdeleiar mindre. Til samanlikning var fordelinga mellom kvinnelege og mannlege verksemdeleiara i prosent 77/23 i 2014 og 2013, 76/24 i 2012 og 2011, 68/32 i 2010, 73/27 i 2009 og 61,5/38,5 i 2008.

Dagsverk

	2014	2015
Avtalte dagsverk alle	168 209	170 041
Avtalte dagsverk kvinner	136 086	138 346
Avtalte dagsverk menn	32 123	31 695

Ca 81,4 % av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner i 2015. Dette er ein svak auke frå 2014 der 80,9 % av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner. Menn hadde i 2015 18,6 % avtalte dagsverk av totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune. Noko som er ein nedgang på 0,5 prosentpoeng sidan 2014.



Gruppearbeid om våre felles verdiar. (Foto: Simon K. Sortland)

Løn

Gjennomsnittsløn i verksemdeleiargruppa er kr 661 700 mot kr 640 200 i 2014. Dette er ein snittauke på kr 21 500. For dei kvinnelege leiarane er gjennomsnittsløna kr 659 000 mot kr 637 800 i 2014 som er ein auke på kr 21 200 sidan 2014. Mannlege leiarar tener no kr 674 000,- i snitt, noko som er ein snittauke på kr 25 700 sidan 2014. Kvinnelege verksemdeleiatarar tener i snitt 97,8 % av det mannlege verksemdeleiatarar tener. Skilnaden har auka noko i 2015 og har ein samanheng med at det er færre mannlege leiarar i 2015 samanlikna med 2014.

Fråvær

Teknisk sektor hadde det høgaste fråværet med 13,07 % i 2015.

Det eigenmeldte fråværet i 2015 er på ca. 0,95 %, som er ein auke frå 2014 til same nivå som for 2013.

Sjuke born er grunnen til eit samla fråvær på 0,40 % av avtalte dagsverk. Kvinner har 0,43 % fråvær med sjuke born. Totalfråvær knytt til sjuke born er om lag uendra i % av avtlate dagsverk samanlikna med 2014.

Fråvær for kvinner er uendra i prosent tapte dagsverk frå 2014. Menn har 0,27 % fråvær knytt til sjuke born i 2015. Til samanlikning var tilsvarende tal for menn i 2014, 0,36 %.

Seniortiltak

Bømlo kommune sine seniorpolitiske retningslinjer har vore i funksjon sidan 2002.

Ved årsskifte hadde kommunen inngått senioravtale med 47 tilsette. Dette er 17 senioravtalar meir enn i 2014. Avtalane er alternativ til AFP. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning og er ikkje med i denne omtalen. Til saman 22 tilsette fylte 62 år i 2015 – mot 21 frå 2014 og 2013. I 2012 var det 31 tilsette som fylte 62 år.

Å ha seniortiltak er ein del av IA-avtalen (Inkluderande arbeidsliv). Eksisterande intensjonsavtale om inkluderande arbeidsliv gjeld for perioden 4. mars 2014 til og med 31.12.2018.

Hovudmålet for IA-samarbeidet er:

- Å førebyggja og redusera sjukefråvær, styrka jobbnærværet og betra arbeidsmiljøet, samt hindra utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Dei tre delmåla er:

- Reduksjon i sjukefråværet med 20% i høve nivået i andre kvartal 2001. Dette inneber at sjukefråværet på nasjonalt nivå ikkje skal overstiga 5,6%
- Hindra fråfall og auka sysselsetting av personar med redusert funksjonsevne. Dei konkrete måla frå tidlegare avtalar vert vidareført
- Yrkesaktivitet etter fylte 50 år vert forlenga med tolv månader. Med dette meinast ein auke samanlikna med 2009 i gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet (for personar over 50 år)

ØKONOMI/FINANS HOVUDOVERSIKT

	REKNESKAP	Budsjett	Revidert	Avvik	REKNESKAP
	2015	B2015	RB 2015	Rev.b-Rekn. 2015	2014
Inntekter- skatt, ramme m.m.					
Seksjon 8					
Skatt inntekt og eige (ansvar 8100)	-291 741	-298 597	-294 141	-2 400	-283 646
Eigedomsskatt (ansvar 8100)	-29 049	-28 700	-29 100	-51	-28 380
Rammetilskot: Inntektsutjamning (ansvar 8100)	-7 771	-4 721	-3 638	4 133	-3 691
Rammetilskot: Innbyggjar (ansvar 8100)	-315 736	-313 400	-315 753	-17	-305 956
Rammetilskot: Skjønn (ansvar 8100)	-16 743	-14 100	-14 300	2 443	-15 510
Diverse 8*	500	465	465	-35	0
Rente kompensasjonstilskot (ansvar 8100)	-3 564	-3 882	-3 882	-318	-3 423
SUM inntekter - skatt, ramme m.m.	-664 104	-662 935	-660 349	3 755	-640 606
Netto rammer inkl. bruk/avsetn.til fond					
Netto ramme seksjon 1.	43 671	44 182	44 015	344	43 773
Netto ramme seksjon 2.	316 602	302 349	309 102	-7 500	295 362
Netto ramme seksjon 3.	225 124	231 056	229 584	4 460	238 506
Netto ramme seksjon 4.	38 488	38 940	38 208	-280	39 610
Netto ramme seksjon 5.	7 975	8 060	8 060	85	7 795
Netto ramme seksjon 7.	-7 957	1 197	-4 963	2 994	-16 708
Sum netto rammer i seksjonane	623 903	625 784	624 006	103	608 338
Avskrivningar (ansvar 8100)	27 183	24 500	24 500	-2 683	23 751
Sum før finanspostar inkl. avskriving	-13 018	-12 651	-11 843	1 175	-8 517
				0	
Netto finanspostar ansvar 8100	28 478	33 693	31 394	2 916	28 252
Motpost avskrivningar (ansvar 8100)	-27 183	-24 500	-24 500	2 683	-23 751
Sum etter finanspostar eksl. avskriving	-11 723	-3 458	-4 949	6 774	-4 016
Dekning tidl. års meirforbruk (ansvar 8100)	3 458	3 458	3 458	0	0
Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidlegare år	-1 394	0	-1 394	0	
Overføring til investeringsrekneskapen (ansvar 8100)	0	0	0	0	2 500
Avsett til bunde fond	350	0	0	-350	10
Avs.disp.fond	2 885	0	2 885	0	113
Bruk ubundne driftsfond (ansvar 8100)	0	0	0	0	0
Rekneskapsmessige mindre/meir forbruk	-6 424	0	0	6 424	-1 393

Rekneskapsmessige meir/mindreforbruk

Som det går fram av oversikta, viser årsresultatet for Bømlo kommune eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 6,424 mill kr. Kommunen har i tillegg dekka inn meirforbruket (underskotet) frå 2013 på 3,458 mill kr og sett av 2,885 mill kr til disposisjonsfondet.

Inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)

Summen av inntektene skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, og rentekompensasjonstilskot frå staten viser eit positivt avvik på 3,7 mill kr mill. kroner i 2015.

Skatt/inntektsutjamning: Totalt fekk Bømlo kommune ein svikt i skatteinntektene for 2015 på 2,4 mill. kr. kroner i høve til revidert budsjett. Veksten i skatteinntektene lokalt enda på 2,9%. Då skatteinngangen samla for landet gjekk vesentleg betre enn kommunen sin skatteinngang (vekst på 6,0%) vart inntektsutjamning heile 4,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Samla gav skatt med inntektsutjamninga ei meirinntekt på 1,7 mill. kroner i 2015 målt mot revidert budsjett. Det er i hovudsak 2 årsaker til skattesvikten i 2015, utlikna formuesskatt til kommunen vart redusert frå 22,7 mill kr til 18,8 mill kr. I tillegg så har kommunen færre uføretrygda enn landsgjennomsnittet, noko som medførte lågare vekst i auka uførebeskattning i 2015.

Eigedomsskatt: Eigedomsskatteinntektene vart om lag i samsvar med budsjettet

Rammetilskot:

Kommunen fekk skjønsmidlar frå Fylkesmannen med kr 550 000 etter søknad til kommunesamnslåingsprosjektet i Sunnhordland (kr 200 000) samt til busetjing av flyktningar (kr 350 000). Midlane til busetjing av flyktningar er ikkje nyitta i 2015 og kr 350 000 er overført til bruk i 2016. I tillegg fekk kommunen skjønsmidlar frå ein ekstrapott som kommunaldepartementet delte ut til kommunar som fekk auka utgifter til mottak av asylanter i 2015, for Bømlo utgjorde dette 1,951 mill kr.

Rente – og avdragskompensasjon:

Deler av låneutgiftene vert dekka av staten gjennom ordningane for rentekompensasjon. I 2015 tok kommunen i mot 3,56 mill. kr mot forventa budsjettet 3,88 mill kr. Årsaka til avviket skuldast at rentenivået i Husbanken var noko lågare enn rekna med ved budsjetteringa. I tillegg får kommunen kompensasjon for rehabiliteringa av Bremnes kyrkje først frå 2016.

Netto finanspostar

Finans	R2015	Budsjett 2015	Rev.budsjett 2015	Avvik rev.budsj/rekneskap	R2014
Renteutgifter lån	18 116	18 802	17 802	-314	19 313
Låneavdrag	14 500	18 780	16 980	2 480	14 994
Renteinntekter	-1 956	-1600	-1200	756	-4 349
Renteinntekter startlån	-1 990	-2 109	-2 009	-19	-1 869
Renter andre fordringar, utbyte	-192	-181	-181	11	-221
Renter, utbyte og lån	28 478	33 692	31 392	2 914	27 868

Netto finanspostar viser eit mindreforbruk dette året på 2,9 mill. kr. Låneavdrag er ført med minimumsavdrag, resterande sum er ført i investeringsrekneskapen. Samla er det betalt avdrag på kommunen si gjeld i 2015 med 20,8 mill. kr. Renteinntektsposten inneholder byggelånsrenter som er ført på byggjeprosjektet omsorgsbustader/sjukeheimspllassar Bømlo omsorgstun med 0,3 mill. kr i 2015.

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

	REKNESKAP	Oppr.budsjett	Rev.budsjett	Avvik	REKNESKAP
	2015	2015	RB2015	Rev.b-Rekn.	2014
Sum Driftsinntekter	-842 122	-780 995	-784 549	57 573	-805 336
Sum Driftsutgifter	826 212	768 477	772 915	-53 297	798 522
Brutto Driftsresultat	-15 910	-12 518	-11 634	4 276	-6 814
Sum Eksterne finansinntekter	-4 289	-4 052	-3 552	737	-6 716
Sum Eksterne finansutgifter	32 707	37 634	34 834	2 127	34 587
Resultat Ekst. finantransaksjonar	28 418	33 582	31 282	2 864	27 871
Motpost avskrivningar	-27 183	-24 500	-24 500	2 683	-23 751
Netto driftsresultat	-14 675	-3 436	-4 852	9 823	-2694
Sum bruk av avsetninger	-4 500	-43	-1511	2 989	-4 236
Sum avsetninger	12 751	3 478	6 363	-6 388	5 536
Mindre/meirforbruk	-6 424	-1	0	6 424	-1 394

Brutto driftsresultat = Driftsinntekter – driftsutgifter inkl. avskrivningar: 15,910 mill. kroner (positivt resultat)

Netto driftsresultat = Brutto driftsresultat – finantransaksjonar – avskrivningar: 14,675 mill. kroner (positivt resultat) noko som utgjer 1,74% av driftsinntektene. Resultatet er 9,8 mill kr betre enn budsjettet.

Tabellane undergir ein oversikt over avvika der seksjonane står for eit avvik på 2,8 mill. kr. Dette er nærmare skilda under seksjonane i årsmeldinga.

Avviksforklaring	Avvik
	i mill. kroner
Årsresultat:	6,4
Avviksforklaring:	
Netto resultat Seksjon 1	0,9
Netto resultat Seksjon 2	-6,9
Netto resultat Seksjon 3	7,0
Netto resultat Seksjon 4	-1,3
Netto resultat Seksjon 5	0,1
Netto resultat Seksjon 7	3,0
SUM Seksjonane	2,8
Skatt på inntekt og eige	-2,4
Eigedomsskatt	0
Ramme og statstilskot	6,6
Finanspostane	2,8
Rente og avdragskompensasjon	0
Interne finantransaksjonar	-3,4
SUM skatt, rammetilskot, momskompensasjon og finantransaksjonar	3,6
Totalt avvik i forhold til budsjett:	6,4

Endring fond

Detaljert oversikt over avsetnad og bruk av driftsfond (disposisjonsfond og bundne driftsfond) følgjer av note 6 i årsrekneskapen. Disposisjonsfonda vart auka med 2,9 mill kroner. Bundne driftsfond auka med 3,3 mill. kroner i 2015 mens ubunde investeringsfond vart auka med 1,6 mill.kr. Pr. 31.12. var dei ubundne disposisjonsfonda på 3 mill. kroner. Bundne driftsfond var på 10,5 mill. kroner. Ubunde investeringsfond var på 3,6 mill kr, bunde investeringsfond utgjorde 3 mill kr.

Investeringar

Fordeling av investeringsmidlane mellom seksjonane følgjer av rekneskapsskjema 2B i årsrekneskapen. For ytterlegare informasjon om status på pågående og avslutta investeringsprosjekt, sjå note 15 og oversyn over investeringsprosjekt s. 16 i årsrekneskapen.

Arbeidskapital/likviditet

Tabellen under syner utviklinga i arbeidskapitalen i kommunen dei siste 5 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i likviditeten har vore.

	2015	2014	2013	2012	2011
<i>Omlaupsmidlar:</i>					
Endring betalingsmidlar	26 312	-10 698	-16 533	54 698	-23 387
Endring kortsiktige krav	-8 415	8 477	8 197	-9 046	13 412
Endring premieavvik	-17 177	-712	8 315	-6 375	7 041
Endring omlaupsmidlar	720	-2933	-21	39 277	-2 934
<i>Kortsiktig gjeld:</i>					
Endring kortsiktig gjeld	-39 886	32 627	12 134	4 063	4 911
Endring arbeidskapital (balansen)	40 606	-35 560	-12 155	35 214	-7 845

I oppsettet over endring arbeidskapital er endring av premieavvik teke med. Endringa i premieavviket er ikkje kortsiktig likviditetsoppbygging då denne skal fordelast over 15 år/10 år/7 år. Kommunen sin likviditet har blitt vesentleg styrka i 2015. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen 43,2 mill kr. inkl premieavviket, reell likviditet ekskl premieavvik er fortsatt berre 11 mill kr.

	2015	2014	2013	2012	2011
Bankinnskot	57 320	31 007	41 706	58 238	3 541
Skattetrekksmidlar	15 804	15 896	14 850	14 531	13 241
Disponible bankinnskot	41 516	15 111	26 856	43 707	-9 700
Likviditetslån	0	50 000	0	0	0
Ubrukte lånemidlar	25 175	3 875	34 031	33 606	679
Kjernelikviditet	16 341	-38 764	-7 175	10 101	-10 379

Kommunen sin kjernelikviditet har blitt styrka dette året. Kommunen sin kjernelikviditet er no positiv for første gong sidan 2012. Kommunen hadde ved årsskiftet ein trekkrett i SR Bank på 30 mill kr. Denne vart nytta nokre få gongar i 2015.

Låneporteføljen – årsrapport i samsvar med finansreglementet

Samansetning av låneporteføljen.

Samla langsiktig lånevolum ved årsskiftet var 647 millionar kroner. Långjevarar er:

Långjevar	31.12.2015	Andel
Kommunalbanken	541	0,84
KLP	15	0,02
Husbanken	91	0,14
(tal i mill kr)	647	1,00

Endringar i låneporteføljen/risikoeksponering i 2015

Nye langsiktige lån/avdrag

Følgjande låneopptak er gjennomført i 2015 (tal i heile 1000 kr):

Kommunalbanken	kr 38 750	inkludert i fastrentelån 100 mill kr.
KLP	kr 15 167	
Husbanken	kr 10 000	
<u>Sum</u>	<u>kr 63 167</u>	

Det er betalt avdrag for 2015 på følgjande lån: (tal i heile 1000 kr)

Kommunalbanken lån	kr 17 000
Husbanken (samla)	kr 3 704

Refinansiering/endring i risikoeksponeringa

Det er tatt opp nytt fastrentelån i kommunalbanken på 100 mill.kr som er nytta til refinansiering av lån samt nytt låneopptak i samsvar med budsjett 2015 i Kommunalbanken:

Forfall sertifikatlån	100 000 000
Nedbetaling byggelån	-50 000 000
Refinansiering av lån	11 250 000
<u>Budsjettert låneopptak 2015</u>	<u>38 750 000</u>
<u>Sum nytt fastrentelån</u>	<u>100 000 000</u>

Endring av margin og løpetid.

Lån på 50 mill kr i Kommunalbanken får ny margin på +0,17 prosentpoeng fra IMM mars. Marginen er fast fram til mars 2016. Samstundes vert forfallsdato på lånet endra til mars 2016.

Løpetid på låna

Kommunen har lagt vekt på å skaffe seg langsiktig finansiering.

Tabellen under syner forfallsdato på alle lån. Refinansieringsrisikoen er låg.

Långjevar	Saldo 31.12.2015	Utløpsmnd
Kommunalbanken 3M nibor	61 327	des.25
Kommunalbanken 3M nibor	64 739	mar.38
Kommunalbanken 3M nibor	68 749	des.25
Kommunalbanken 3M nibor	5 872	des.27
Kommunalbanken 3M nibor	41 235	jun.27
Kommunalbanken 3M nibor	0	des.25
Kommunalbanken 3M nibor	41 150	des.25
Kommunalbanken 3M nibor	50 000	mar.16
Kommunalbanken 3M nibor	9 995	mar.30
Kommunalbanken 3M nibor	14 925	jun.31
Kommunalbanken 3M nibor	73 353	des.36
Kommunalbanken 3M nibor	9 744	mar.38
KLP Kommunekreditt 3 M Nibor	15 167	sep.40
Kommunalbanken fast rente	100 000	mar.20
Husbanken, flytande rente	8 428	apr.40
Husbanken, flytande rente	9 348	mai.44
Husbanken, flytande rente	2 586	okt.37
Husbanken flytande rente	13 500	apr.38
Husbanken, flytande rente	2 641	jul.37
Husbanken, flytande rente	1 400	okt.40
Husbanken fast rente til 010817	5 140	apr.37
Husbanken fast rente til 010817	11 662	des.36
Husbanken fast rente til 010817	2 607	apr.34
Husbanken fast rente til 010817	2 625	jul.34
Husbanken fast rente til 010817	1 975	jul.35
Husbanken fast rente til 010817	1 950	apr.35
Husbanken fast rente til 010817	3 160	sep.35
Husbanken fast rente til 010817	2 760	mar.33
Husbanken flytande rente	2 695	sep.33
Husbanken fast rente til 010816	2 600	feb.32
Husbanken fast rente til 010816	2 345	aug.32
Husbanken fast rente til 010816	2 320	apr.30
Husbanken fast rente til 010816	2 098	okt.30
Husbanken flytande rente	2 440	mar.31
Husbanken flytande rente	2 215	des.31
Husbanken fast rente til 010816	2 160	apr.29
Husbanken fast rente til 010816	1 936	okt.29


Lån som skal refinansierast innan 1 år utgjer 8% av lånemassen, Finansreglementet si maksimalgrense er 40%. Største enkeltlån i porteføljen utgjer 15%. Finansreglementet sitt maksimalkrav er på 35%.

Nærare om låneporteføljen

Låna i kommunalbanken er med unntak av 1 lån tatt opp med flytande rente knytt til NIBOR 3 mnd med fast margin. Marginen er 31.12. 0,55%. Nibor 3 mnd var 1,10% slik at kommunen betalar ei flytande rente ved årsskiftet på 1,65%. I tillegg har kommunen eit lån med margin 0,17%, dvs ei rente på 1,27%. Margintillegget kan endrast med 1 månads varsel.

Kommunen har 1 fastrentelån i kommunalbanken med løpetid 5 år til 1,73%. I tillegg er fastrenter etablert ved bruk av renteswappar (rentebytteavtalar). Renteswappane er slik at kommunen (frå motparten, banken) mottek rente lik 3M nibor - og denne vert regulert kvar 3. månad på same tidspunkt som kommunen sine underliggende lån. Kommunen betaler den avtalte, faste renta (til motparten, banken). Kommunen nyttar renteswappar fordi dette gir ein lågare fastrentekostnad enn tradisjonelle fastrentelån og det er meir fleksibelt ved eventuelle refinansieringar. Det er ikkje inngått renteswapavtalar etter 2011.


Fastrenteposisjonane, slik det går fram av tabellen under, har eit omfang som gjer at av samla låneportefølje har 61% fastrente og 39% flytande rente ved årsskiftet. (Finansreglementet sitt krav min-/maksimumskrav 25%)



Gjennomsnittleg durasjon (lengd) i låneporteføljen er 2,23 år (Finansreglementet sitt krav innanfor 0 -5 år) og rentekjensla (seier kva kursendringa vert ved renteendringar) er 2,20 %.

Framskriving av fastrenteandel

Ved å ta utgangspunkt i samansettinga av fast- og flytande rente i låneporteføljen og justere for forventa låneopptak/avdragsbetalingar frå økonomiplanen - samt å ta høgde for bortfall av eksisterande fastrenter og oppstart av framtidige (allereie etablerte) fastrenteposisjonar, kan fastrenteandelen i låneporteføljen framskrivast for økonomiplanperioden:



Strategi for rentesikringar

Bruken av rentesikring er heimla i kommunen sitt finansreglement. Kommunen nyttar rentesikringar (renteswappar og FRA's) for å skape føreseieleg og stabile renteutgifter. All etablering av rentesikring skjer i samsvar med intern strategi for innlån og rentesikring. Hovedførresetnaden er at alle rentesikringar skjer med lang tidshorisont og at dei vil bli haldne til forfall (som anleggsmiddel).

Verdi på låneporteføljen og rentesikringar

Alle låna (utanom husbanklån) som har flytende rente har renteregulering kvar 3. månad på IMM dato (3 onsdag i månadane mars, juni, september og desember) Marknadsskursen på desse låna vil derfor i all hovudsak vere omkring pålydande verdi.

Når det gjeld fastrenteposisjonane (renteswappar) var dei verdt null ved avtaleinngåinga. Marknadsverdien av fastrenteposisjonane vil etter avtaleinngåinga svinge i takt med marknadsutviklinga for tilsvarende rentebindingar. Ved utløp av bindingsperioden vil marknadsverdien igjen vere null. Berekningar ved siste års-skifte syner at marknadsverdien av løpende fastrenter er negative med 30mill. kr.(overkurs). Dette skuldast at fastrentenivåa har falt betydeleg sidan avtaleinngåinga:

Ved utløp av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil marknadsverdien være lik pålydande ("volum").

Marknaden for lån med kommunal risiko

Kommunar er føretrekte låntakarar i kapitalmarknaden. Dette medfører gunstige rentevilkår.

Marknaden prisar ikkje inn nokon renteoppgang i 2016, noko som går fram av prisane på sikringsinstrumenta (FRA- ane),

Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet


Ingen reglar i finansreglementet er brotne og det har ikkje vore avvik frå dette i 2015.

Marknadsrenter og eigne vilkår

Gjennomsnittsrenta i låneporteføljen er 2,75% ved årsskiftet 2015. Dette er ein liten nedgang i forhold til 2014 (2,82%). Årsaka til at renta ikkje har gått meir ned i 2015 skuldast kommunalbanken sin auke av margin tillegg med 0,15%. Marknaden si prising av framtidig kortrente (FRA-kurven) tilseier at den korte renta kan gå ytterlegare ned i 2016 og så langt fram som 2019 fortsatt ligge på om lag same låge nivå som ved årsskiftet.

Samanlikning av renteutgifter (benchmarking)

Kommunen benchmarkar (målar) si lånerente ved å samanlikna porteføljerenta med ei referanserente som er relevant for kommunal risiko. Referanserenta er samansett av 3M nibor og 4-års fastrente med ein durasjon (løpetid) på 2,5 år. Det er ikkje teke omsyn til margin tillegg som kommunen betalar i referanserenta, som følgjeleg vert liggjande "for lågt" i grafen. Styringsrenta til Noregs Bank og 3M niborrente går også fram av grafen:



Porteføljerenta til kommunen vert prega av dei etablerte fastrentene og at desse er inngått på nivå som framstår som høge i dag.


Vurdering og handtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer javnleg den finansielle risikoen. Det gjennomførast også slik vurdering i forkant av alle porteføljetilpassingar (ved etablering av rentesikringar) og låneopptak. Den finansielle risiko, som består av fleire element, vert gjennomgått. Kommunen har etablert rutinar for å gå gjennom kvart av elementa under finansiell risiko. Vurdering av elementa er gjennomført og vurderinga er arkivert.

Den finansielle risikoen blir vurdert å være tilfredsstillende, ønska og innanfor rammene i det vedtekne finansreglementet, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldande lov.


Stresstest

Det vert utført ein såkalla stresstest på låneporteføljen ved å simulere ein parallel **renteoppgang på 2 prosentpoeng** over heile rentekurven. Føremålet med stresstesten er å måle effekten av eit forhandsdefinert marknadssjokk. Ein renteoppgang vil føre til auka rentekostnader og positiv kursendring på fastrenteposisjonane (fastrentene vil framstå som gunstigare etter ein renteoppgang):



Nøkkeltal


Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2015 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen betra si økonomiske stode i 2015. Kommunen si økonomiske stode er framleis svak. Kommunen har dårlig likviditet og kommunen sine frie fondsavsetningar er framleis for små til å møte uføresette hendingar i eit driftsår.



Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivinger er teke med i dette resultatelementet. I 2015 fekk kommunen eit positivt brutto driftsresultat på 15,9 mill. kroner, mot eit positivt brutto driftsresultat i 2014 på 6,8 mill. kroner.

Opphavleg budsjettet brutto driftsresultat var på 12,5 mill. kroner i 2015, revidert brutto driftsresultat var på 11,6 mill. kroner.

Utvikling netto driftsresultat 2006-2015




Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått. Finanstransaksjonane inklusiv avskrivinger var på netto 0,8 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på 14,675 mill. kroner. I 2014 var netto driftsresultat 2,7 mill. kroner. Netto premieavvik inkl amortisering av tidlegare års avvik er utgiftsført med 17 mill kr i 2015. Budsjettet netto driftsresultat for 2015 var 4,8 mill. kroner. Kommunen fekk altså eit resultat som var klart betre enn budsjettet. Avviket er nærmere kommentert foran.

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene 2006-2015




Teknisk beregningsutval tilrår at netto driftsresultatet målt mot sum driftsinntekter bør utgjera 1,75% over tid for at ein kommune skal ha ein sunn økonomi. I 2015 vart dette måltalet nådd.

Utvikling i skatteinntekter og rammeoverføringer 2006–2015



Dei frie inntektene, dvs. inntektsskatt, eigedomsskatt, inntektsutjamning og andre rammetilskot har auka med 23,8 mill. kroner frå 2014 til 2015, det vil sei ein auke på om lag 3,7%. Dette er vesentleg mindre enn det som ser ut til å bli inntektsveksten i kommunesektoren. Hovedgrunnen til den låge veksten i dei frie inntektene er at skatteveksten vart berre på 2,9%, mot heile 6% på landsbasis.

Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)




Brutto driftsutgifter i 2015 utgjorde 826,2 mill. kroner. Dette var ein auke på 3,5 % i høve til 2014 og utgjør 27,7 mill. kroner som fordeler seg slik:

Lønsutgifter, sosiale utgifter	21,0 mill
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon:	7,7 mill
Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon:	9,3 mill
Overføringer:	-13,7 mill
Avskrivinger:	3,4 mill
Fordelte utgifter:	0,0 mill

Reduksjonen i overføringsutgifter skuldast avvikling av kommunalt medfinansieringsansvar i 2015.


Utvikling i brutto lønsutgifter (inkl. sosiale utgifter)




Brutto lønsutgifter inkl. sosiale utgifter utgjorde i 2015 530,4 mill. kroner. Dette var ein auke på 21 mill kr eller på 4,1 % i høve til 2014.

Dette er den lågaste veksten i lønnskostnadane på 10 år. Årlønsveksten i kommunesektoren iflg tal frå teknisk berekningsutval var på 3,3%.


Utvikling av netto rente- og avdragskostnader i % av driftsinntekter



Utvikling lånegjeld i % av driftsinntektene




Utvikling brutto langsiktig gjeld (forfall > 1 år) (ekskl. pensjonsforplikting)




Kommunen si lånegjeld var ved utgangen av 2015 647 mill. kroner. Dette er ein auke på 7,1% frå 2014.

Brutto investeringar i % av driftsinntektene



Etter at kommunen hadde store investeringar i åra 2007-2008 var investeringsnivået dei 3 neste åra låge. Investeringane er igjen aukande noko som 2012 -2014 viser. Dette heng saman med vedteke institusjonsutbygging 2015 har vore eit år med middels investeringsnivå. Me syner til eigen note til årsrekneskapen om investeringane som vart gjenomført i 2015 .

Utvikling av disposisjonsfond i % av driftsinntektene



Kommunen har små disposisjonsfond, men fekk auka dette med knapt 3 mill kr i 2015. I % av omsetninga utgjer dette berre 0,4%. Kommunen er difor sårbar for svingingar i økonomien.

Kommunen har eit udisponert resultat på 6,4 mill kr og der som dette vert lagt til disposisjonsfondet så vil dette utgjere 1,1% av omsetninga.


Kommunen har med andre ord svært låge reserver for å kunne takke svingingar i inntekter/utgifter.

Utvikling av den totale eigenkapitalen (inkl. kapitalkonto)



Kommunen sin eigenkapital er så vidt positiv igjen etter fleire år med negativ eigenkapital.

Folketalsutvikling i Bømlo kommune 2006-2015



I 2015 fekk kommunen 17 fleire innbyggjarar.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Folketalet 1. januar	11 275	11 421	11 503	11 638	11 749	11 761
Fødde	149	136	130	142	147	127
Døde	82	79	89	99	95	99
Fødselsoverskot	67	57	41	43	52	28
Innflytting	427	424	480	464	392	436
Utflytting	351	398	384	395	436	454
- herav innflytting frå utlandet	152	150	190	157	129	139
- herav utflytting til utlandet	22	40	26	29	48	49
Nettotilflytting inkl. inn- og utvandring	76	26	96	69	-44	-18
Forsinkelse i meldinger- inkl. i tilvekst	3	-1	-2	-1	4	7
Folketilvekst	146	83	135	111	12	17
Folketalet 31.12.	11 421	11 503	11 638	11 749	11 761	11 778

Tabellen viser at Bømlo kommune i 2015 hadde fødselsoverskot på 28, noko som er det minste på fleire år. Negativ netto innvandring/utvandring førte til svært låg vekst i folketalet. Summen av desse utgjer ein auke på 17 personar mot 12 i 2014. Når folketilveksten stoppar opp så vert inntektsveksten lågare.

Tabellen nedanfor viser fordelinga på aldersgruppene.

Etter alder	01.01.2010	01.01.2011	01.01.2012	01.01.2013	01.01.2014	01.01.2015	01.01.2016
Totalt	11 275	11 421	11 503	11 638	11 749	11 761	11 778
0-5	956	962	958	951	942	941	878
6-15	1 712	1 723	1 740	1 739	1 746	1 726	1 757
16-66	7 246	7 328	7 373	7 468	7 545	7 533	7 509
67-79	802	839	860	907	957	1021	1102
80-89	469	455	446	445	408	393	395
90-	90	114	126	128	151	147	137

Folketalsveksten i kommunen har i løpet av 2014/2015 stagnert. Det som har prega året 2015 er ein fortsatt utflytting av folk i arbeidsfør alder. Reduksjonen i denne aldersgruppa er på 24 personar. Samstundes aukar talet på pensjonistar kraftig, særleg gjeld dette aldersgruppa 67 – 79 år. Veksten i eldre over 67 år var på heile 73. Av folketalet på 11 778 utgjer innvandrarar 10,7%.

Eit anna utviklingstrekk i 2015 er at talet på menn aukar i kommunen. Det vart 45 fleire menn i kommunen dette året, mens det vart 28 færre kvinner. Kommunen hadde ved årsskiftet ein mannsandel på 51,4% opp frå 51,1%.

Premieavvik/tilleggsløyving/ufordelte postar

Økonomisk resultat

Ansvær		Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik
7010	PREMIEAVVIK,PENSJON	-7 958	-4 963	2 995
7020	ÅRETS LØNSOPPGJER - AVSETNAD	0		0
7030	ANDRE TILLEGGSLØYVINGAR	0	0	0
		-7 958	-4 963	2 995

Tenester/oppgåver:

Desse ansvarsområda har ingen tilsette. Her finn me årets premieavvik/bruk av premiefond på ansvar 7010. På ansvar 7020/7030 finn me årets avsetnad til lønsoppgjer/overheng som vert fordelt ut til dei aktuelle ansvarsområda i løpet av året.

Kommunen sin pensjonskostnad vart noko lågare enn rekna med for 2015. I hovudsak skuldast dette at Statens pensjonskasse innarbeida ny uføreordning i folketrygda i berekninga av kommunen sin pensjonskostnad etter at budsjettet var vedteke. Dette førte til reduksjon i kostnaden og kommunen sin pensjonsforplikting.

Premieavvik

Kommunen har pr 31.12 opparbeida seg eit premieavvik på 32,2 mill kr. Dette vart kraftig redusert i 2015, noko som har samanheng med at kommunen nytta premiefond til betaling av pensjonspremie i tillegg til å nedbetale tidlegare års premieavvik med 6,3 mill kr. Likviditeten vart dermed styrka i 2015. Premieavviket skal utgiftsførast med ein årleg sum, i 2016 er den på 4,8 mill kr. Figuren under syner utviklinga i premieavviket.



Folkehelse og Friluftslivets år 2015



Robåtkonkurranse under Kystsogevekene på Langevåg i august 2015. (Foto: Geir Einarsen)


I 2015 var markeringa av friluftslivets år det beste folkehelseprosjektet. Store og små arrangement i regi av turlag, speidar, idrettslag, kyrkja, korps, brukarorganisasjonar og lokale organisasjonar i grendene. Ordføraren var med på å arrangere Ordføraren sin tur der innbyggjarane kunne gi innspel til han under turen.



Bømlo fotoklubb på tur til Brømsund 2015.. (Foto: Geir Einarsen)

Takk til alle som tok utfordringa og innlemma Friluftslivets år i sin aktivitet, samt alle dei som også laga til nye friluftsaktivitetar i samband med friluftslivets år.

SENTRALE STYRINGSORGAN



Innleiing

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, rådmann med rådmannsteam, forvaltning inkludert IKT og personal, økonomi, rekneskap og skatteoppkrevjaren, næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod.

Økonomisk resultat 2015

Ansvar	Rekneskap	Opph. budsj.	Rev. budsj.	Avvik	Rekneskap
	2015	2015	2015		2014
Politiske styringsorgan	5 172	4 860	5 302	130	3 827
Rådmann	4 634	4 564	4 592	-42	4 452
Økonomiavdeling	7 939	7 734	7 993	54	7 900
Personalavdeling	3 058	3 448	3 038	-20	2 445
Forvaltningsavdeling	7 511	7 285	7 497	-13	7 025
Næring	474	1 224	653	179	1 277
Tilskot til samf/lag/org	1 877	2 006	2 006	129	1 853
Fellesutgifter	6 212	5 620	5 612	-600	6 699
Fellessekretariat	3 438	3 417	3 538	100	3 394
Fag- og støttefunksjonar	1 417	1 774	1 885	468	2 595
Tillitsvalde - verneombod	1 472	1 276	1 327	-145	1 138
Kommunale utleigebustader	-32	72	72	104	181
BKE AS	500	1 000	500	0	1 000
Prestebustad	0	0	0	0	-13
Innsparing seksjon 1	0	-100	0	0	0
Sentrale styringsorgan	43 671	44 182	44 015	344	43 773

Sentrale styringsorgan hadde eit mindreforbruk i 2015 på 0,3 mill kr. 0,1 mill kr av dette var knytt til politisk verksemd.

Ansvarsområda under sentrale styringsorgan

Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan har 1,2 årsverk med fast årleg godtgjersle. I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon hører også innunder dette ansvaret.

I 2015 har kommunestyret behandla 119 saker fordelt på åtte møte. Formannskapet behandla 77 saker delt på sju møte.

Rådmann

Ansvar/verksemd:

Rådmann

Består av 3 stillingar: rådmann, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg.

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iverksetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan
- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderande Arbeidsliv

Internkontroll

I samsvar med kommunelova sine bestemmelser i § 23.2 har rådmannen følgjande oppgåver:
«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organ er forsvarleg utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser og at den er gjenstand for betryggende kontroll».

Bømlo kommune har eit godt operativt kvalitetssystem gjennom Kvalitetslosen. Kvalitetslosen er etter kvart godt kjent i organisasjonen, og er ein nyttig reiskap når det gjeld å finne fram til gjeldande lover og instruksar.

Det er eit omfattande arbeid å legge inn alle dokument, og me er framleis ikkje i mål med det. Samstundes er det ei utfordring med å oppdatere og vedlikehalde innlagte dokument. Rådmannen er likevel nøgd med det me har oppnådd så langt, og må samtidig halde trykket oppe med omsyn til å bruke systemet aktivt. Kvalitetslosen har ein eigenmodul for å melde avvik. Me har ein auke i tilmeldte avvik, og det ser rådmannen som positivt i den forstand at då ser me at avvikssystemet er i bruk. Det er gjennom registrering av avvik me har størst potensiale for utbetring av årsakene til avvik.

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

"Uønskte hendingar og/eller brot på kvalitetskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, prosedyrar eller rutinar."

Oversikt melde avvik 2013 – 2014 - 2015			
	2013	2014	2015
BOB	1	0	0
HSO	393	524	689
OKI	158	201	176
SSO	5	8	6
TEK	8	12	11
SUM	565	745	882

HMS-avvik (Hendingar og situasjonar knytt til helsa, miljøet og tryggleiken til dei tilsette, og hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på tilsett.)

Nokre avvik som gjeld tenestemottakar, t.d. elev, der avviket gjeld HMS-relaterte ting vert sett i kategori HMS, medan avvik som gjeld tenestemottakar skal ikkje meldast med kategori HMS, men kategori «teneste/brukars». Dermed er det noko overrapportering i kategori HMS.

Avvik 2014 vs 2015

		HSO Helse, sosial og omsorg		OKI Oppvekst, kul- tur og idrett		SSO Sentrale styringsorgan		TEK Teknisk avd. inkl. teknisk drift		BK Bømlo kommune totalt	
		2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Totalt melde avvik		524	689	201	176	8	6	12	11	745	882
<i>hovud-kategori</i>	HMS	269	413	111	80	3	1	9	7	392	501
<i>under-kategorier</i>	Arbeidsmiljø	70	88	31	17	1	1	2	3	104	109
	Nesten-uhell	29	37	8	10	2		1	1	40	48
	Ulukke, skade	29	56	21	13			5	4	55	73
	Vold og truslar	145	249	45	35				1	190	285
	Ytre miljø	26	22	16	9	1		1		44	31

Avvik er fast på agendaen på alle møte i Arbeidsmiljøutvalet.

Beredskap:

Grunnalaget for kommunal beredskap finn me i Lov om beredskapsplikt (2010), sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret med tilhøyrande forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Bømlo brannvern er med i eit samarbeid med Luftambulansen i eit prosjekt som heiter «Mens vi venter på ambulansen». Viser til informasjon frå Bømlo Brannvern i kommunestyret den 16.02.15. Dette prosjektet har utvilsomt vore med å styrkt deler av kommunen sitt beredskapsarbeid knytt til helseberedskapen i kommunen.

Bømlo kommune sin overordna beredskapsplan skal omarbeidast slik at planen vert enklare å nytta som oppslagsverk når det oppstår ein krise og/eller beredskapsituasjon. Ein øvingsplan for kommunen skal lagast slik at det vert samanheng mellom øvingar som vert gjennomført. Det er også beslutta at me skal ta i bruk ein ny modul i Kvalitetslosen – Årshjulet. Ved å ta dette i bruk vil det vera enkelt å kunne lese seg til når dei ulike aktivitetane gjennom året skal foregå.



Våren 2015 starta planlegging av ei øving innanfor seksjon HSO med utgangspunkt i flytskjema i Helse- og sosialberedskapsplanen som beskriv oppgåver, ansvar og gjeremål ved ei større ulukke i Bømlo kommune. Det var i tillegg ønskeleg å få øvd bruk av naudnett.

Denne øvinga var spesifikt retta mot seksjonen HSO og knytt opp mot Helse- og Sosialberedskapsplanen, som ikkje har vore øvd på dei siste åra. Øvinga vil såleis vera eit viktig bidrag til komande øvingar.

*Odd Ivar Vik fekk æra av å opna det nye naudnettet i 2015.
(Foto: Simon K. Sortland)*

Det vart fastsett at øvinga, som vart bestemt skulle vera ei speløving, skulle gjennomførast hausten 2015. Det var berre vekenummer som vart gjort kjend i organisasjonen. Rådmannen og kommunal kriseleiing fekk også testa sine varslingsrutinar/responstid. Det same gjaldt kommunen sitt kriseteam.

Kommunalsjef var del av øvingsleiinga, som bestod av 3 personar. I førebuingfasen var det god dialog med alle nødetater, noko som gav svar på ein heil del uklårheiter og gav gode innspel til sjølve øvinga.

Ei øvinga utan mål og utan evaluering som munnar ut i konkrete gjeremål med tidsplan er ei bortkasta øving. Derfor vart mål for øvinga sett tidleg i planleggingsfasen, og tidspunkt for felles evaluering vart også fastsett tidleg.

Målet med øvinga

Før eller seinare vil det oppstå ein situasjon der heile eller delar av innhaldet i flytskjema side 28 i Helse- og sosialberedskapsplan må aktiverast (gjeldande versjon ligg i kvalitetsstyringssystemet).

Hovudføremålet med øvinga er derfor:

I henhold til flytskjemaet på side 28 i Helse- og sosialberedskapsplanen; teste

- varsling
- aksjonar

-
- ansvarsområda
 - arbeidsdeling
 - samhandling

Delmål er å testa ut og øva

- Meldingsrutinar
- Nødnett

for på denne måten å:

- Kjenna planverket og organisering
- Testa planverk og organisering
- Bli sett i stand til å kjenna si eiga rolle og ansvarsområde
- Kjenna andre si rolle og ansvarsområde
- Samhandla med andre
- Aktivt bruka nødnettet

I forkant av øvinga vart det sendt ut både planverk og anna nyttig informasjon og det vart også tydeleg signalisert omfanget av «case». Fagleiar helse, politi, brann og ambulanse var samla på Rådhuset og var med i spelet derifrå, medan alle andre Involverte deltok i spelet frå eigen arbeidsstad.

Evalueringa, med svært mange av dei involverte til stades, gav nyttige diskusjonar og innspel til både framtidige øvingar og til tema/avklaringar som må vurderast nærmare. Etter evaluering med dei involverte og evaluering internt i spelstaben kunne det konkluderast med at både hovud- og delmål for øvinga vart nådd. Øvingsleiinga har med bakgrunn i dette sett opp både positive erfaringar og ei gjeremålsliste med ansvarleg og tidsfrist for gjennomføring, m.a. må Helse- og sosialberedskapsplanen skrivast om slik at det er enklare å finna fram i planverket.

Økonomi

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Skatteoppkrevjaren

Samla har avdelinga 11,6 årsverk fordelt på 12 medarbeidarar. Avdelinga fører rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd. I tillegg utførar avdelinga nokre tenester for Stord og Fitjar kommune.

Tyngre innfordring vart i 2015 overført til Lindorff.

Skatteoppkrevjaren har samla krove inn og fordelt kr 1 379 115 972 til stat, kommune, fylkeskommune og folketrygda, som er ein nedgang på 3% frå 2014. Kommunen sin del utgjorde i 2015 kr 291 740 741, ein auke på 2,9%.

Personal

Tenester/oppgåver

Personalavdelinga har to årsverk pluss lærlingar. Hovudansvarsområde for personalavdelinga er å gi råd og rettleiing til verksemidene og tilsette i alle spørsmål som er knytt til personalområdet. I tillegg har avdelinga

ansvar for oppfølging i høve lov og avtaleverk og personalsaker på tvers av verksemndene. Sekretærfunksjonen for AMU ligg og til avdelinga. Avdelinga har eit særskilt ansvar for å vedlikehalda og utarbeida internt regelverk og rutinar innanfor sitt fagområde.

Forvaltning

IKT-avdelinga vart utvida med eitt årsverk i 2015 og forvaltning har no sju tilsette fordelt på 6,75 årsverk og omfattar organisasjonssjef, IKT-avdelinga og drift av kantina.

IKT-avdelinga er ein intern støttefunksjon med driftsansvar for alt kommunalt IKT-utstyr. I 2015 har det vore arbeidd aktivt gjennom oppgradering av utstyr og programvare med å redusera risikoen for driftsavbrot og nedetid for IKT-utstyr. Avdelinga driftar og sak- og arkivsystem for kommunane Fitjar, Haugesund, Stord og Tysvær.

Næring

Tenester/oppgåver

Nærings- og samfunnsutvikling



Fjerning av grunner ved innseglinga til kaiområda til Wärtsilä er nær realisering. (Foto: Simon K. Sortland)

Mål og måloppnåing

Delar av næringslivet på Bømlo har hatt store utfordringar i 2015 på grunn av nedturen i oljesektoren. Mange verksemder som arbeider mot oljenæringa spesielt, har vore nøydd til å gå både til permitteringar og oppseiingar. Oppdrettsnæringa går likevel godt og dette er ei veksande næring i kommunen.

Arbeidet med å realisera ei utbygging i Rubbestadneset har halde fram og kome noko vidare. Mellom anna er det søkt om og løyvd kompensasjonsmidlar til bygging av ny veg inn til dokk- og kaiområdet der LOS Marine, Olvondo Industries og Wärtsilä Norway ligg. Det same gjeld midlar til fjerning av grunner ved innseilinga til kaiområda same stad. Dette betyr mykje for den vidare utviklinga av den maritime industriklyngja i Rubbestadneset. Det siste året har det vore nær kontakt med hamnevesenet. Dei vil i løpet av våren 2016 avklare korleis dei kan bidra til realisering av prosjektet.



Hovlandshagen fiskerihamn er eit viktig prosjekt for Bømlo kommune. (Foto: Geir Einarsen)

Arbeidet med fiskerihamneplanen går vidare. Rådmannen og Kystverket har hatt nærmere samtaler med næringa og har fått fram viktig grunnlagsmateriale for eit vidare prosjekt. Bømlo fiskerihamn er nemnd og er eit prioritert prosjekt i fagdirektorata sine prioriteringar i NTP 2018- 2029.

Kommuneleiinga har også hatt samtalar både med stortingsrepresentantar og departement. Kommunen vil no prioritere arbeidet sitt mot departement og Stortinget slik at vi sikrar at dette prosjektet kjem inn i Stortinget sitt vedtak om NTP. Målet er at dette prosjektet skal realiserast i første del av planperioden.

Det siste året har kommunen hatt ein avtale med Atheno om næringsutvikling. Dei har mellom anna hatt oppgåver knytt til etablararrettleiing og hjelp til gründarar. I tillegg har dei hatt kursopplegg i sal og service, etablering av nettbutikk og marknadsføringskurs, og ein kurskveld for landbruk/reiseliv saman med landbrukskontoret.

Det har vore gjennomført eit godt samarbeid med Bømlo-bedriftene i forhold til utdanningsmessi i Sunnhordland. Messa har no ein felles identitet under «Made-in-Bømlo»-vignetten.

Ordførar har også i år møtt som observatørar i Bømlo Næringsråd. Det er tett og god dialog med næringslivet, og kommunen ved ordførar og rådmann hadde eit eige treff med næringslivet før jul. Her var det god deltaking.

Lokalsamfunnsprogrammet «LivOGLyst» har vore eit godt verktøy og hatt to prosjekt i Bømlo, Moster og Espevær. I 2014 var Moster inne i sitt siste år i dette programmet. Den flotte given som er i bygda har truleg blitt forsterka gjennom LivOGLyst-prosjektet «Dynamiske Mosterhamn». Kommunen har no fått midlar i eit sokalla nærmiljøprosjekt – «Nærmiljø og lokalsamfunn». Her er også Espevær og Moster med i tillegg til

Rubbestadneset. Dette prosjektet skal legge til rette for medverknad av befolkninga i kartlegging og identifisering av kvalitativ kunnskap om nærmiljøkvalitetar som enten fremjar eller hemmar helse og trivsel. I Hordaland er det 4 kommunar som er med i dette prosjektet.

Utfordringar

- Få finansiert og starte utbygging i industriområdet i Rubbestadneset
- Halde fokus og god driv i det vidare arbeidet fram mot etablering av statleg fiskerihamn i Hovlands-hagen.
- Legge til rette for at næringsaktørar og etablerarar kan etablere seg i kommunen sine næringsområde.
- Legge til rette for god arealplanlegging med omsyn til handel og anna næring, både i kommunenesenteret og elles i kommunen.

Fellessekretariat og kundetorg

Tenester/oppgåver:


Teneste 1200 – administrasjon

Teneste 2427 – bevilling og skjenkekontroll

Fellessekretariatet er eit støtteapparat for administrasjonen og for politikarane. Sekretariatet tar seg av all posthandtering til og frå kommunen. I tillegg legg dei til rette for og har ansvar for utsending av saker til kommunestyret, formannskapet og alle utval. Fellessekretariatet fungerer også som valsekretariat annan kvart år. Det kommunale arkivet ligg innunder dette ansvarsområdet.


Kundetorget si oppgåve er å gi dei som oppsøkjer rådhuset god informasjon og rettleiing for alle ansvarsområde på rådhuset og kommunen elles. Kundetorget er i tillegg kommunen sitt turistkontor. Kundetorget har to arbeidsstasjonar. Forutan kundeverten så er der ein arbeidsplass for teknisk som er bemanna kvar dag.

Fellessekretariat/kundetorg har til saman 5,7 stillingsheimlar.



Tina Aga vart fast tilsett i Kundetorget i slutten av 2015. (Foto: Simon K. Sortland)

OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT



Frisbee frå «Gøydagen 2015». Dette er eit tilbod til born på 2. trinn kor ein får prøve litt ulike og mindre kjente aktivitetar/idrettar slik at alle born skal finne ein aktivitet/idrett som passar for seg. (Foto: Simon K. Sortland)

Innleiing

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjer 14 sjølvstendige verksemder: 10 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og bibliotek. I tillegg kjem barne- og familienesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester og avlastningstilbod. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak er finansiert av kommunale tilskot.

Det økonomiske resultatet for grunnskulane gjekk samla i pluss. Vaksenopplæringa gjekk med overskot, mens kulturskulen og barne- og familienesta gjekk med underskot. Dei største overskridingane finn ein på utbetaling til barnehagane og til barnevern.

Økonomisk resultat 2015

Ansvar	Rekneskap 2015 Tal i heile 1000	Opphavleg budsj. 2015	Revidert budsjett 2015	Avvik	Rekneskap 2014	Vekst 2014 - 2015
FELLES GRUNNSK./SPES.UND.	4 751	5 247	4 137	-614	3 421	38,9
ESPEVÆR SKULE	1 853	1 985	1 853	0	1 448	27,9
FOLDRØY SKULE	4 777	4 746	4 894	117	4 578	4,3
GILJE SKULE	9 277	8 668	8 965	-311	8 318	11,5
MELING SKULE	9 844	9 787	10 104	260	9 501	3,6
VÅGE SKULE	8 430	8 557	8 593	163	8 244	2,3
BREMNES UNGDOMSSKULE	27 394	27 363	27 723	329	25 828	6,1
HILLESTVEIT B/U SKULE	16 041	15 815	16 133	93	15 081	6,4
MOSTER SKULE	27 951	28 284	28 521	570	27 367	2,1
RUBBESTADNESET SKULE	16 561	15 872	16 156	-405	15 746	5,2
SVORTLAND SKULE	24 997	24 668	24 593	-404	23 892	4,6
BARNEH. FELLES, SPES.UND.*	109 775	102 255	107 021	-2 754	100 616	9,1
VAKSENOPPLÆRINGSSENTER	1 596	1 631	1 758	162	1 346	18,6
INTEGRERINGSMIDLAR	-2 446	-319	-2 069	377	424	-677,0
ASYLMIDLAR	-1 045	-435	-435	610	-747	39,9
KULTURSKULEN	6 053	5 874	5 925	-128	5 473	10,6
KULTUR/BARNE OG UNGDOMSARBEID	1 191	1 377	1 407	215	1 037	14,9
IDRETT	539	539	539	0	572	-5,7
BIBLIOTEK	3 301	3 121	3 205	-96	3 233	2,1
KULTURHUS	1 224	1 224	1 224	0	1 224	0,0
SOSIALKONTORTEENESTER	2 402	2 719	2 751	349	2 334	2,9
AVLASTINGSBUSTAD	4 530	4 327	4 384	-146	3 925	15,4
BARNE OG FAMILIETENESTE	15 275	14 298	14 423	-852	13 892	10,0
BARNEVERN	20 937	15 599	17 349	-3 588	17 555	19,3
LAURHAMMER BUFELLESSKAP	1 397	-53	-51	-1 448	1 054	32,5
INNSPARING 1.2	0	-800	0	0	0	
Oppvekst, kultur og idrett	316 603	302 349	309 102	-7 501	278 631	13,6

*Barnehageutgiftene inkluderer kr 4 732 000 i etterbetaling for året 2012 etter avgjerd i klagesak. Utgift til barnehagar for driftsåret 2015 er 105,0 mill kr, eller ein vekst på 4,4% frå 2014.

Dei første åra

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og dette er kanskje årsaka til at så mange nyttar seg av tilbodet. Me ligg over landsnittet ved at ca. 95 % av alle born frå 1 år til og med 5 år går i barnehage. Dette trass i at kommunen har tilbod om communal kontantstønad for 2-åringar.

Det er god barnehagedekning, og kommunen har løpende opptak. Det er god kapasitet i alle krinsane med barnehage, med unnatak av Rubbestadneset. Brukarar frå denne krinsen har likevel kort veg til

barnehagane i Svortland krins. Kapasiteten vart også utvida i 2015 ved at tilbygg til ein av sentrumsbarnehagane vart teken i bruk.

Ordninga med kommunal kontantstønad for born mellom 2 og 3 år er vidareført i 2015. Tilsaman 18 familiar har nytta seg av dette i året som har gått, med ei gjennomsnittleg utbetaling pr. barn på 38 600.



Finansieringa av barnehagesektoren har skapt store utfordringar for Bømlo kommune. (Foto: Simon K. Sortland)

Bømlo kommune har i fBarnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi. Dei siste kvalitetsmeldingane for både skule og barnehage peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning.

Bømlo kommune ønskjer å ta desse utfordringane på alvor. Som ei vidareføring av Modellkommune-forsøket er det i 2015 jobba med grunnlag for søknad om prosjektmidlar til «Betre Tverrfagleg Innsats – utvikling av lokal samhandling». Målet er å styrke innføringsarbeidet lokalt og samstundes følgje den regionale satsinga på feltet i regi av Helse Fonna.

Omlegginga av finansieringa av barnehagesektoren har skapt store utfordringar for Bømlo. I 2015 har utbetalinga til denne sektoren vore langt høgare enn det rammetilskotet kommunen får for å finansiere området. Dette har samanheng med at kommunen berre har private barnehagar og derfor må nytta nasjonale satsar. Desse ligg høgare enn det nivået kommunen hadde før omlegginga. Heile barnehagesektoren har eit underskot på 2,75 millionar kroner.

Grunnskule

I 2015 har to satsingsområde hatt særleg fokus innanfor grunnskule: *Lesing* og *læringsmiljø*. Sjølv om *lesing* har vore eit satsingsområde også tidlegare, viser resultata så langt at ein ikkje har oppnådd dei resultata ein har hatt ønskje om. Det er i 2015 jobba særskilt med kompetanseutviklingstiltak, både på individ- og organisasjonsnivå, for å leggje grunnlag for ei anna innretning på lesesatsinga. Kommunen har også gått til anskaffelse av kartleggingsverktøyet *Leselos* og det nettbaserte oppfølgingsverktøyet *VOKAL* for å legge til rette for oppfølging, vurdering og utvikling av resultat.

Alle 4 skular med ungdomstrinn starta i 2015 opp med deltaking i den nasjonale satsinga *Ungdomstrinn i Utvikling*. Her får skulane støtte frå universitets- og høgskulemiljø til lokalt utviklings- og kvalitetsarbeid. Majoriteten av våre skular har lesing som satsingsområde.

Barneskulane Våge, Meling og Gilje har i 2015 starta arbeidet med å pilotere den nye nasjonale strategien for lesing og skriving utvikla ved Universitetet i Stavanger. Dette bidreg til verdifull kompetanseheving for lærarar og skuleleiarar, og høve til utprøving av metodikk basert på den nyaste tilgjengelege forskinga på feltet. Det er også sett i gong tiltak knytt til lesing på dei andre skulane.

Alle elevar har etter opplæringslova rett til eit psykososialt skolemiljø som fremjer helse, trivsel og læring. Den årlege *Elevundersøkinga* viser dessverre at andelen elevar som vert mobba i Bømloskulane ligg på eller over landssnittet. Sjølv om skulane jobber systematisk med ei rekke tiltak for å sikre eit mobbefritt miljø og mobbeplanar er implementerte, er det grunnlag for å vurdere om planar og praksis har vore god nok. Gjennom fleire kompetansehevande tiltak i året som har gått er det skapt semje om 3 satsingsområde som vert lagt til grunn for vidare arbeid:

- 1) Tiltak som *fremjer* eit godt psykososialt skolemiljø
- 2) Tiltak som *førebyggjer* mobbing og krenkingar
- 3) Tiltak for å *handtere* hendingar

Ein har også starta ein gjennomgang av planar og tiltak knytt til desse tre områda i heile skueløpet.

Det er innført valfag på heile ungdomssteget. I Bømlo gir vi 10 ulike tilbod. Dei minste ungdomsskulane gir tre ulike tilbod.

Det er SFO-tilbod ved alle barneskulane. Dette er eit tilbod til barn på 1. til 4. trinn samt til barn med spesielle behov frå 5. til 7. trinn. Tal barn er relativt stabilt, men det er litt fleire som nyttar full plass dette siste skuleåret enn tidlegare. Dette tilbodet er ikkje ein del av opplæringa. I praksis har alle som søker fått plass.

Grunnskulane har samla eit mindreforbruk i 2015. Dette er etter at skulane fekk redusert rammene sine i revidert budsjett. Budsjettkontrollen er god ved alle skulane og variasjonane har gode forklaringar.

Bømlo vaksenopplæring – BVO

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå Lov om introduksjonsordning, samt ut frå Opplæringslova kap 4. Oppdraget er å leggje til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbodet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Yrkesretta norskkurs
- Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring
- Eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne
- Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
- Avvikling av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Realkompetanseurdering
- Rådgivning og karriererettleiing
- Forelderettleiing (PMTO og ICDP)



Språkkafé på biblioteket er eit tilbod ved Bømlo vaksenopplæring. (Foto: Astrid Drevland)

I tillegg vert det tilbode kurs for bedrifter. Dette kan vere datakurs, lese- og skrivekurs (BKA-kurs). Ein tilbyr også norskurs for arbeidsinnvandrarar.

I samband med at kommunane har fått ansvar for realkompetanseurdering av vaksne og at nye obligatoriske digitale prøveformer i norsk og samfunnskunnskap er innført, har arbeidsoppgåvene ved vaksenopplæringa auka mykje. I 2015 har også andre kommunar kjøpt tenester hos oss for vaksne som treng realkompetanseurdering og eksamensretta grunnskuletilbod.

Med ein allereie merkbar plassmangel vart romsituasjonen for vaksenopplæringa ekstra krevjande i samband med asyl/flyktningestraumen i andre halvdel av 2015. Den gamle prestebustaden vart opprusta som eit mellombels/akutt tiltak, noko som gjorde at grunnskuletilbodet kunne samlast. Personellet har utvist stor fleksibilitet i ein tidvis svært krevjande arbeidssituasjon med undervisning på 4 ulike lokalitetar. Det har vore jobba kontinuerleg med å på sikt kunne sikre Bømlo vaksenopplæring meir tenlege lokaler.

Integreringsmidlar

I samsvar med kommunestyrevedtak tok kommunen imot 32 flyktningar i 2015 mot 24 året før. I tillegg kjem familiesameining. Det er mange flyktningar som sit i mottak og ventar på å få busetjingskommune. Bømlo tek imot minst sin relative del av flyktningane som har rett til busetjing.

Sjølv om tal nye flyktningar er rekordhøgt er det ein samla reduksjon fordi mange flyttar etter kort tid til andre stader i landet.

Dei ulike tenestene har i utgangspunktet ei fast overføring i budsjettet. Dette skal finansiere dei tilleggskostnadene t.d. skulane har med ekstra norskopplæring innføringsklassar, tolketenester m.m.

Den største utgiftsposten, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Denne ordninga vert administrert av vaksenopplæringa. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører. Me finansierer helsetenester, tolketenester, tospråklege assistenter både i skule og barnehage og ikkje minst vert våre to innføringsklassar finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule



midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

Ansvarsområdet hadde eit overskot i 2015.

Det syriske ekteparet Omar Alchikhidib (34) og Fatma Majgoma Mohammad (22) med døtrene Maes (3) og Bisan (4) er blant dei 32 flyktningane Bømlo kommune forplikta seg til å busetje i 2015. Bak f.v flyktningekonsulentane Synne Halleraker og Magny Røksund frå NAV Bømlo og tolk Tamar Dankarian. (Foto: Simon K. Sortland)

Asylmidlar

Det er eit eige asylmottak i Bømlo – driftsoperatør er Hoff mottaksdrift AS. Avtalen mellom mottaket og UDI vart utvida i 2015 ved at UDI aktiverte opsjon på fleire mottakslassar. Ved slutten av 2015 var det 185 beboarar ved mottaket. Maksimum tal plassar er 206. Mottaket har i stor grad plassert beboarane desentralisert. Som vertskommune fekk Bømlo drøyt 1,8 mill. i statleg tilskot. I tillegg får kommunen eit tilskot til grunnskuleelevar og til born i barnehagealder frå 4 år. Desse siste midlane vert overført til skular og barnehagar.

Dei generelle midlane vert nytta til ein legekontroll, helsesterteneste og til tolketeneste. Det vert nytta tolk i kontakt med brukarane både i barnehage, skule og blant helsepersonell. Ei sentral undersøking har vist at dei oppgåvne kommunane har i høve til desse mottaka er underfinansiert. Med mange asylsøkjrar som kjem frå alvorlege krigsområder opplever tenestene våre at hjelpebehova er større enn tidlegare.

Området isolert gjekk med overskot i 2015 på grunn av høgare tal beboarar i mottak enn budsjettet, men dette må sjåast i samanheng med underskot på t.d. barne- og familietenesta som har måttå auke aktivitetsnivået for å kunne tilby naudsynte helsetenester.

Bømlo kulturskule


Kulturskulen ivaretok eit mangfold av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.

I 2015 vedtok Norsk Kulturskuleråd ein rammeplan for kulturskulen i Noreg; «Mangfold og fordjuping». Bømlo kulturskule har starta arbeidet med å tydeleggjere vårt lokale tilbod i tråd med føringane i den nasjonale planen slik at mangfold, breidd og fordjuping kan utfylle kvarandre.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i Moster Amfi med konserter og kunstutstilling, teater- og danseframstillingar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonserter i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinar.

Det var i snitt 531 elevplassar i kulturskulen i 2015, med nokre fleire i vårhalvåret enn om hausten. Det er framleis ventelister, spesielt for teater og dans. Lærarkreftene er relativt stabile og me står fast ved at det skal vere flest mogleg heile stillingar ved skulen.

Kultur, idrett og fritid



Bømlo kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv, så vel som ei spennande kulturhistorie. I 2015 har det vore arbeidd med to kommunedelplanar på dette feltet – Kulturminneplan og plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken er begge nasjonale ordningar der målet er at henholdsvis grunnskuleelevar og eldre får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Det har i 2015 vore gjennomført 25 framsyningar/opplevingar i lokal regi for skulane der om lag 1100 elevar har delteke. I tillegg har skulane fått del i Hordaland Fylkeskommune sine turnéproduksjonar som har vore spelt på skulane og/eller i Bømlo kulturhus.

Bømlo kommune sitt hovudarrangement innanfor *den kulturelle spaserstokken*, «I manns minne», samla om lag 200 besøkjande i Bømlo kulturhus. I tillegg har det vore arrangert fleire foredrag, kurs og samlingar knytt til lokalhistoriske tema. Ein har også sikra konserter og framsyningar på institusjonane med ulike artistar.

Gøydagen 2015 med Simba og dans. (Foto: Simon K. Sortland)

Frå og med 2012 har kommunen gjennom ei eiga stønadsordning sikra at alle born under 12 år får fri tilgang til aktivitet i hall og denne ordninga vart vidareført i 2015. Ungdomsklubben på Langevåg er vidareført i 2015 og har gode besøkstal. Her er målgruppa ungdom mellom 13 og 18 år.

«Gøydagen» vart også gjennomført i 2015. Dette siste er eit tilbod til born på 2. trinn, kor ein får prøve litt ulike og mindre kjente aktivitetar/idrettar. Hensikten er å legge til rette for at alle born skal finne ein aktivitet/idrett som passar for seg.

Kommunen har som mål å ha tett dialog med lag og organisasjonar både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøter og prosjektutvikling knytt til frivillighet med høve for ekstern finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med.

Kommunen ynskjer å vere ein god tilretteleggar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til investeringar, samt gjennom ulike stønadsordningar til drift av kultur- og idrettslivet. Bømlo kommune ser behovet for å styrke den kommunale kompetansen innanfor dette feltet.

Samla hadde ansvarsområda knytt til kultur og idrett eit overskot på 215 000. Hovudårsaka til dette var lågare personalkostnader på grunn av stillinga som rådgjevar stod vakant i delar av ein omsorgspermisjon.

Bibliotek

Bømlo folkebibliotek har i 2015 hatt ein auke i antall arrangement og stor auke i antall deltagarar på arrangement i biblioteket. Me har også hatt ei auke i besøkande i biblioteket, dette viser at biblioteket blir no meir og meir brukt til andre ting enn berre lån av bøker. Mange brukar biblioteket som møtestad, lese

aviser, gå på arrangement, ta seg ein pause i kvarldagen, bruke data, søke jobbar, osb. Ei slik utvikling er i tråd med nasjonalbiblioteket sin strategi for biblioteka.

Når det gjeld utlån har me hatt ein nedgang på 7,5 % i 2015 sammenlikna med 2014. Nedgangen er markant større siste halvår, noko som kan ha samanheng med at mange butikkar flytta ut av senteret i oktober. Nedgangen i utlån gjeld papirbøker, når det gjeld utlån av e-bøker har me ei auke.

Bømlo filial

Biblioteket sökte fylkeskommunen om å gjera Bømlo filial til eit såkalla *Modellbibliotek*. Bømlo filial vart modellbibliotek i 2015, og vi fekk stønad til å oppgradere inventaret på filialen og gjera den klar til å bli *meirOpe*. Me jobbar vidare i 2016 med den tekniske løysninga slik at filialen kan vere tilgjengeleg store delar av døgnet utan at personalet treng vere til stades. Me vil ha nyopning av filialen når dette er på plass.

Biblioteket fekk 50 000 kr. frå *Fritt Ord* til eit samarbeid med kulturhuset om 4 *Jazz og bok*-arrangement i 2015. Desse arrangementa er gjennomført etter planen og har styrka samarbeidet mellom Bømlo kulturhus og folkebiblioteket.

Barne- og familietenesta

Denne tenesta omfattar tilbod til born og unge under 18 år. Skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT og tiltaksteam inkl. sosiale tenester er ein del av dette ansvarsområdet. I tillegg har tenesta ei eiga avlastningseining (bustad).

Tenesta har plassutfordringar og det er sett i verk eit arbeid for å løyse behovet både på kort og lengre sikt. Det er stort press på alle desse tenestene, men dei ulike tenestene har no stabil arbeidskraft.

Etter å ha stått vakant ca. eitt år vart stillinga som SLT-koordinator besatt i mai 2015. Dette er ei prosjektstilling og er knytt til samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak. Til stillinga ligg også koordinatoransvaret for MOT-satsinga i kommunen. Det er i tillegg MOT-informatørar på alle ungdomskulane. Arbeidet med å bygge opp eit førebyggande og tverrfagleg team (*tiltaksteam*) er no fullført.

Det er framleis trond for å utvide skulehelsetenesta sin kapasitet, sjølv om ein no nærmast seg eit ressursnivå på linje med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt og robust samarbeid mellom skulehelsetenesta og grunnskulane avgjerande.

Arrangement i	Tal	Deltakarar
Lesestunder for barn	32	1205
Bokkafé	6	40
Lesesirkel	6	95
Lesesirkel Bømlo vaksenopplæring	5	65
Debattar «Me snakkast»	2	152
Leseknappfest	1	250
Språkkafé	1	33
Lokalhistoriske kveldar	2	245
Totalt	55	2085

PPT-kontoret har stabil og god arbeidskraft. Sjølv om det framleis kan vere ventetid for å få utarbeidd sakkunnige vurderingar er det no god oversikt over utfordringane. Me har dei siste åra fått større testkompetanse og det gjer kommunen mindre avhengig av ekstern hjelp på dette feltet. Med eigne systemansvarlege i tenesta vert det satsa ekstra på førebygging og systemisk arbeid i lag med barnehagar og skular.

Avlastningsbustaden gir tilbod til nærmere 20 brukarar. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekeopphald. Denne eininga leverer også tenester til andre kommunar i Sunnhordland.

Samla hadde barne- og familietenesta inkl. sosiale tenester eit meirforbruk på ca. 500 000 kr. i 2015. Dette skuldast aktivitetsauke knytt til asyl- og flyktingesituasjonen i andre halvår.

Faksimile av intervju med SLT-koordinator og verksemdsleiar for Barne- og familietenesta i Bømlo-nytt 30. mai 2015.

Barnevern

Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Stord er vertskommune og ansvaret for drifta er såleis delegert frå kommunestyret i Bømlo til rådmannen i Stord kommune.

Eininga har, som førre år, eit stort meirforbruk i 2015 og det vert kontinuerleg arbeidd med å sikre betre og meir korrekt rapportering gjennom året. Meirforbruket er knytt til born utanfor heimen. Det er eit mindreforbruk når det gjeld hjelpetiltak i heimen.

Tal meldingar til barnevernet i 2015 er 121, mot 102 i 2014. Det er ein auke i tal meldingar for aldersgruppa 6-12 år. Ein arbeider kontinuerleg med å sikre at bekymringar vert fanga opp og meldt så tidleg som mogleg.

Samla er det 111 born som har hjelpetiltak frå barnevernet ved årsskiftet 2015/16. Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen – omsorgsovertaking. Dette gjeld 25 born i løpet av året. Det er framleis litt fleire gutter enn jenter som får tilbod frå barnevernet. Det er

Laurhammar bufellesskap er eit tiltak for einslege mindreårige flyktingar. Dette tiltaket vert delvis finansiert av BUF-etat, med ein kommunal eigenandel på 20%. Sjølv om tilskotet til einslege mindreårige flyktingar har hatt ein vekst må kommunen no nytte litt av rammetilskotet for å finansiere dette tiltaket. Målet med Laurhammarbufellesskapet er å gi flyktningane i Laurhammar en trygg og trygt miljø.

Bambyggj

Lørdag 16. mai 2015

5

- Det handlar om mennesket

Ei samordning av tenes-
ser vert av mange noko
som ein foretakar fer til
effektiviteten og teknologi-
tidsbyggjande arbeidet.
Her i kommunen har stå-
lende teknologi vore ei viktig
støtt i lengre tid. Det
problemet er no eiga sag-
blott, og om få veker skal
Sør-Afrika komme med
seg i kast med vitt nye
jobb, nys heimkomst fra
Sør-Afrika.

Bjarne Frost, Sør-Afrika

Frå sakar om sekuritets-
og spreverton i hovudset-
telen til den sør-africanske
rare bruk magasinet «Olo», ol
sosial entreprenørskap i et
av verda. I 2013 var det 1000
fagfolk i millionenes Cape
Town som arbeidde i Sør-Afrika.
En aldri si tiden over-
gang dette, kanskje?

Det er ikke alltid matring
og overviktig for mil-
dren om å få jobb, men
SLT-konferansen

stal liggende i arbeidet
doktorat for lokale foret
og gründarar til rette.

Ingen følgjer klar for
at vorten har vore i
tut til informasjonen om
det. Det er svært viktig
at vi kan få tilgjengelig
kun i bygd og i by, men
også i landet og i verden
utanfor.

Når du flyttar til en
næringsbyggjande arbeidet
er det heller ikkje anna
særspråk, utan Oldkjøn-

ner. Det er viktig at
alle kan følgje med i
det som skjer.

Det var veldig kjeft å
finne ut at det var viss
framvei som ikke var
slått opp i oppgaven, smi-
te seg opp i arbeidet.

Det var veldig kjeft å
finne ut at det var viss
framvei som ikke var
slått opp i arbeidet.

Veldig positivt
Leir og Barnefamiliento-
kommune, Linda Helle, er
SLT-konferanden på laget.

Det er veldig gledelig at
kommunen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

Sør-Afrikaren Bjarne Frost og barn og barnefamilientokommunens leiar Linda Helle, orgeld for at konsertprogrammet for dei nys heimkomne teknologibrukande arbeidet i kommunen endring av plas.

der marknaden er minst til-
strekkelig til å løfte opp
Norge, stoppete bort for
mange millionar rönd. «Høst-
et er ikke viktig, men vinteren
er viktig», fortalte han.

Må vike i så unike om-
dret. Det er et sær og van-
lig viktig teknologibrukande
sak av teknologi.

Det er viktig at det vok-
ser set, at folk byter ut dei
og ikkje deltar bemyndiging
i teknologibrukande arbeidet.

Tordag var han på øya for
ti år kjent med sin arbeid-
plass, Tordag.

Det var veldig kjeft å fin-
ne ut at det var viss
framvei som ikke var
slått opp i oppgaven, smi-
te seg opp i arbeidet.

Kjekk på Romø
Det er ikke kjeft gjørt Statoil
som teknologibrukande
bomkjøpt. Som teknolo-
giske fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

deleg at me når har fått døka
opp i teknologibrukande
Norge, stoppete bort for

mange millionar rönd.

«Det er viktig at det vok-
ser set, at folk byter ut dei
og ikkje deltar bemyndiging
i teknologibrukande arbeidet.

Det er veldig kjeft å fin-
ne ut at det var viss
framvei som ikke var
slått opp i oppgaven, smi-
te seg opp i arbeidet.

Oppdatert
Det er ikke først gjørt Statoil
som teknologibrukande
bomkjøpt. Som teknolo-
giske fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

slørproduksjon «Chess» på
hovedscenen.

Oppdatert

Det er ikke først gjørt Statoil
som teknologibrukande
bomkjøpt. Som teknolo-
giske fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

ningsseورد for å løyse sosiale
utfordringar. Samtidig, og
medan teknologibrukande
er opp i teknologibrukande
arbeidet.

Det er ikke først gjørt Statoil
som teknologibrukande
bomkjøpt. Som teknolo-
giske fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

Det var ei rehabiliterings-
konferanse i Tromsø, og
Vestlandet. Ferskjell
var prega av vald mellom
di teknologibrukande
fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

Det var ei rehabiliterings-
konferanse i Tromsø, og
Vestlandet. Ferskjell
var prega av vald mellom
di teknologibrukande
fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-


Det var ei rehabiliterings-
konferanse i Tromsø, og
Vestlandet. Ferskjell
var prega av vald mellom
di teknologibrukande
fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

Det var ei rehabiliterings-
konferanse i Tromsø, og
Vestlandet. Ferskjell
var prega av vald mellom
di teknologibrukande
fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

Det var ei rehabiliterings-
konferanse i Tromsø, og
Vestlandet. Ferskjell
var prega av vald mellom
di teknologibrukande
fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

Det var ei rehabiliterings-
konferanse i Tromsø, og
Vestlandet. Ferskjell
var prega av vald mellom
di teknologibrukande
fiks har vi vist os
veldig godt i teknologibruk-
ande arbeidet i kom-
munen stoppar litt opp all
ei kjeft i læringa SLT-konfe-
rasjon, så at vi vett ge-

HELSE, SOSIAL OG OMSORG



Vaktskifte ved Bømlo heimetenester. (Foto: Simon K. Sortland)

Mål:

«Bømlo kommune skal stimulera til og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistrar eige liv. Bømlo skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad».

Innleiing

Brukarane som får tenester frå helse, sosial og omsorg (HSO) er svært ulike både i alder, problemstillingar, eigenressursar og behov. Det er eit mål at tenestene skal vera best mogleg tilpassa brukarane sine særskilde behov og gjere dei i stand til å vere mest mogleg sjølvhjulpne. Det har vore fokus på at brukarar skal

oppleva at våre tenester er samordna og at me praktiserer reell brukarmedverknad både på system- og individnivå. Dette blir også eit viktig fokus framover.

Kommunen er godt i gong med å gjera endringar i drifta med tanke på framtidig tenestetilbod. Det er sett i gang, vidareført og sett i verk fleire prosjekt for kartlegging og utprøving av nye tilbod/tenester, kvalitetsutvikling, og kompetanse. Ein viktig del av dette har vore å setje i verk førebyggjande aktivitetar og tidleg innsats.



Førestellinga «HalloHallo» vart synt på Bømlo Bu- og helsecenter. (Foto: Simon K. Sortland)

Handlingsplan for HSO for perioden 2015 er i stor grad følgt opp med tiltak og oppnådde resultat. Satsingar vidare er vedteke i handlingsplan for 2016. Kommunestyret vedtok i desember 2015 planprogram for komunedelplan helse, sosial og omsorg. Denne planen gjeld 2015 – 2025.

Det har i 2015 vore gjennomført organisatoriske endringar i HSO: Dagtilbod for eldre har endra organisatorisk tilknytning frå Bømlo bu- og helsecenter til Bømlo heimetenester. Ein har også oppretta tilbod for personar med demens. Dagtilbod for personar med utviklingshemming er samla i ei eining og i same lokaler (tidlegare BBR- bygget). Prosjektet «Saumlaus samhandling» har pågått i 2015 og er retta mot unge og vaksne med samansette helsebehov innan rus og psykisk helse. Organisering av desse tenestene er sett på dagsorden med siktemål å samordna og eventuelt samorganisere tilbodet til brukargruppa.

Medarbeidarar i Helse og omsorg har ytt stor innsats, vore utviklingsorienterte og evna å tilpasse seg nye behov som har oppstått.

Mål og måloppnåing:

I tillegg til dagleg drift, har det vore prioritert utviklingsarbeid som i stor grad har førebyggjande profil:

- Planprogram for Helse, sosial og omsorg 2015 – 2025 er utarbeidd og vedteke politisk. Dette har lagt grunnlag for arbeid med komunedelplan HSO som skal gjennomførast i 2016
- Demensomsorg: Styrka og utvida dagtilbod til også å omfatte personar med demens. Leggi til rette for ny lokalisering og rehabilitering av lokaler for tilbodet.
- Prosjekt lindrande behandling: Kompetansegruppe/bruk av kompetanse på tvers av organisasjon og vurdering behov for øyremerka plassar i institusjon
- Etablert prosjekt «Helseteam for eldre». Gjennomført fallførebyggjane tiltak for utsett gruppe eldre
- Integrert heimebasert rehabilitering i tenestene
- Dagtilbod for personar med utviklingshemming er samorganisert i ei eining, og er samlokalisert i tidlegare BBR-bygget
- Vidareført målretta satsing på kvalitetsarbeid og kompetanseutvikling i tråd med plan
- Prosjekt i NAV: Jobbstrategien, jobbsjansen, ressurskoordinator barnefattigdom retta særleg mot tiltak for ungdom i alder 18 – 30 år og innvandrarkvinner

- «Saumlaus samhandling». Prosjekt med finansiering frå fylkesmannen retta mot unge og vaksne med samansett helsebehov innan rus og psykisk helse. Utgreiing av styrka tverrfagleg samhandling og organisering av tenestene.
- Beredskap: Gjennomført omfattande beredskapsøving helse og sosial beredskap.
- Innføring av naudnett
- Fokus og tiltak retta mot smittevern inkl.organisering av hygienekontaktar
- Delteke i prosjekt for utvikling av observasjonssenger og øyeblikkeleg hjelp-døgntilbod, samt vidare utvikling av interkommunal legevakt gjennom deltaking i styre, representantskap og samarbeid med leiing.
- Jobba aktivt med implementering av systematisk IA-arbeid (arbeidsmiljøutdersøkingar med oppfølging, medarbeidarsamtalar, medråderettmøter og implementering av HMS-system)

Økonomisk resultat 2015:

Ansvar	Rekneskap 2015	Opphavleg budsj. 2015	Revidert budsjett 2015	Avvik	Rekneskap 2014
NAV	11 486	12 830	12 980	1 494	11 506
PLEIE/OMSORG FELLESTEN.	7 261	16 717	9 529	2 268	4 772
RESSURSKREVJANDE TENESTER	-19 585	-18 704	-20 872	-1 287	-18 751
TENESTEKONTORET*	5 829	5 445	6 043	214	4 917
HABILITERINGSTENESTA*	68 559	66 793	67 621	-938	70 668
BØMLO HEIMETENESTER*	42 706	42 183	42 780	74	42 903
TEIGLANDSHAGEN	14 677	13 080	15 721	1 044	13 723
SØRE BØMLO OMSORGSMR	19 359	19 061	19 342	-17	18 683
BØMLO BU- OG HELSEENTER	53 226	50 339	52 905	-321	39 381
BØMLO BU- OG REHAB.SENTER	0	0	0	0	12 195
PSYKISK HELSE	4 357	4 567	4 648	291	4 551
HELSETENESTER	17 370	17 699	17 834	464	18 661
SAMHANDLINGSREFORMEN	-617	336	336	953	14 578
HJELPEMIDDELLAGER	496	711	717	221	718
Helse, sosial og omsorg	225 124	231 057	229 584	4 460	238 506

*i 2015 vart Bømlo sjukeheim og BBR slegne saman til eit ansvarsområde

Avviksfortegnelse økonomisk resultat 2015

Helse, sosial og omsorg har i 2015 har oppnådd eit positiv resultat på 4 459 980 kr. Resultatet er sett saman av fleire element:

- God styring av dagleg drift og verksemdleiarar med stort fokus på budsjett/resultat gjennom å vere «tett på» utvikling. Økonomiaudelinga har vore gode bidragsytatarar til analysar og vurderingar
- Statleg medfinansiering/samhandlingsreformen. Bømlo kommune har i 2015 hatt gode resultat i høve å ta imot ferdigbehandla pasientar. I tillegg ga avrekninga av kommunal medfinansiering, som vart avslutta i 2014, ei tilbakebetaling frå staten til kommunen på 761 207 kr.

- Positivt avvik ansvar 3400 (fellesområdet) på 2 267 610 kr. Dette fordi kommunen mellom anna har fått høyare eksterne tilskot til ulike utviklingsprosjekt og kompetansehevande tiltak enn budsjettet. Det har i 2015 også vore fleire endringar i brukarsamansetjing som har gjort positivt utslag økonomisk. Både på inntekts- og utgiftssida
- Generelt har kostnadene knytt til fråvær/vikar og ekstrahjelp innan Helse- og omsorg i områder med turnus hatt negativt avvik i høve budsjettet. Dette har medført minusresultat for nokre verksemder med døgndrift.



Veggmåleri på Dagtilboden som no er flytta til Aktivitetstunet i tidlegare BBR. (Foto: Simon K. Sortland)

Helse og omsorgstenester i heimen

Tenester/oppgåver

Helsetenester i heimen, personleg assistanse, hjelp og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsløn, tryggleiksalarm og matombringning.

Helse- og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlo heimetenester (som dekkjer områda Bremnes og Moster) og Søra Bømlo omsorgsområde. I tillegg Habiliteringstenesta (som yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dagtilbod).

Målsetjinga er å yta gode individuelle tenester til brukarane utifrå dei ressursane ein har til rådvelde og sikra god kvalitet og koordinering av tenestene. For å få gode tenester til brukarane er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er også sentrale element. Vidare vil det vere viktig å stimulere til at brukarane på best mogleg måte meistrar eige liv.

Bømlo heimetenester/Søra Bømlo omsorgsområde

Mange eldre brukarar og pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene. Dagtilbod for eldre vart organisert til Bømlo heimetenester i 2015. Det er gjenomført ordning med IPAD og Iphone i utetenestene, og det har vore auka fokus på dokumentasjon. Tenestene deltek i fleire utviklingsprosjeikt (Helseteam for eldre, saumlaus samhandling, lindrande behandling). Å delta i utviklingsprosjekt er viktig, men også ei utfordring ressursmessig. Heimerehabilitering er integrert i drifta. Det har vore veklagt å styrka tverrfagleg samarbeid, og kompetansetiltak.

Tenestene gir uttrykk for at det er merkbart at brukarane vert skrivne ut tidlegare frå spesialisthelsetenesta. Søra Bømlo har tatt i bruk nye lokaler for institusjonsplassar og omsorgsbustader. At det ikkje har vore styrka ressursar knytt til ibruktaking av omsorgsbustader har vore ei utfordring.

Tenestene har hatt utfordring med auka sjukefråvær, og Søre Bømlo har hatt krevjande rekrutteringsutfordringar. YSST har gjennomført kartlegging av arbeidsmiljøet med positive resultat.

Avviksforklaring økonomi

Bømlo heimetenester har positivt avvik. Dette skuldast aktiv styring og iverksetjing av tiltak. Det er halde ledig stilling og ein har vore restriktiv med innleige ved fråvær, samt gjennomført tiltak i ferieperioden. Søre Bømlo har i 2015 hatt for høgt budsjett, om lag 1 mill.kr., p.g.a. ei feilbudsjettering. Desse midlane vil bli trekt ut frå 2016.

Habiliteringstenesta

Ved utgongen av 2015 fekk 37 personar tenester knytt til heimen frå habiliteringstenesta, 27 personar fekk dagtilbod på Aktivitetstunet, 3 fekk seniortilbod på Raunevarden, 6 personar fekk sitt dagtilbod i heimen og 5 personar hadde heilt eller delvis jobb gjennom NAV (vta/vto). Tenesta har i 2015 gjort endringar i gruppeinndeling. Dagtilboden er flytta til BBR bygget og har fått namnet Aktivitetstunet. Tenesta har sett i verk system for HMS, og YSST har gjennomført arbeidsmiljøkartlegging som er følgt opp. Tenesta har sett i verk tiltak for å styrka kompetansen og har hatt aktivt samarbeid med NFU pårørande og verjer. Avvik etter tilsyn frå Fylkesmannen vedk. bruk av tvang er lukka, og systematiske tiltak er sett inn.

Avviksforklaring økonomi

Habiliteringstensta har ein samla minus på 937.919 kr. Eininga har positivt avvik på fast løn, men vesentleg minus på tariffesta tillegg på fastløn. Posten ekstrahjelp og overtid utgjer ein minus på 527.132 kr. og kan knyttast opp til ressurskrevjande brukarar. Budsjett har ikkje dekka inn alle kostnadane ved fødselspermisjon og sjukevikar og påfølgjande sosiale kostnadane. Eininga har hatt eit sjukefråvær på 7,6% i 2015.

Ekstrakostnadane utover budsjett ved sjukefråvær, sjukehusopphald, legebesøk, sjukdom, og stengt dagtilbod er samla sett ein hovedgrunn for minusresultatet.

Tenestekontoret

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i Bømlo kommune. Kontoret har òg koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. I tillegg er kreftkoordinator og demenskoordinator tilsett i tenesta. Medarbeidarar har møte med brukarar og pårørande i komplekse saker der ein skal drøfte seg fram til mål og tiltak tilpassa den einskilde. Ein opplever god dialog og auka tillit i dialog med brukarar. Eininga har vore aktive i etablering av konkrete utviklingstiltak innan fagområda demens, kreft og rehabilitering (pårørande skule demens, hukommelsesteam, palliative senger og rehabiliteringsplan). Vidare har kontoret utvikla retninglinjer for samhandling med andre tenester.

Avviksforklaring økonomi

Tenestekontoret har eit positivt avvik på 213.878 kr. Utgifter til støttekontakt og omsorgsløn er dei usikre postane ved Tenestekontoret. For 2015 var desse postane samla sett i balanse.

Institusjon-/dagtilbod:

Langtids-/korttids institusjonsplass omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til generell geriatri, demens, psykiatri, og til pleie i terminal livsfase. Totalt er det **101 institusjonsplassar** i Bømlo kommune.



Bømlo omsorgstun tok i bruk nye lokaler/institusjonsplassar i 2015. (Foto: Simon K. Sortland).

Bømlo bu og helsesenter:

- 59 langtidsplassar, herav 2 plassar for rullering
- 14 plassar for korttid/rehabilitering
- 16 plassar ved Teiglandshagen for personar med demens
- Sum 89 institusjonsplassar

Bømlo omsorgstun:

- 10 langtidsplassar
- 2 korttidsplassar.
- Dagtilbod 1 dag i veka.
- Bømlo omsorgstun tok i bruk nye lokaler/institusjonsplassar i 2015 utan at tal institusjonsplassar vart auka.

Bømlo bu- og helsesenter – her har ein styrka samhandling mellom postar/institusjonar gjennom hospitatingsordningar og internundervisning. Dette har gitt gode resultat. Ein har gjennomført stor praktisk brannøving i 2015. Det er iverksett mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige. Ein opplever at arbeidsmengd og krav til kompetanse har auka knytt til at brukarar med meir omfattande hjelpebehov vert innlagt på institusjonen. Dette m.a. gjennom tidlegare utskriving frå sjukehus. Etablering av postkjøken ved dei ulike postane har medført meir arbeid på postane ved BBH.

Avviksforklaring økonomi**Bømlo omsorgstun:**

Sjå kommentarar under heimetenester.

Bømlo bu og helsesenter:

Verksemda har hatt meirforbruk på løn knytt til tiltariffesta tillegg og sjukevikar i høve budsjett, og har hatt ekstra kostnadjar og inntekter i takt med endring i brukarsamansetnad. Meirforbruk på løn i ordinær drift

har vore kompensert gjennom sentrale overføringer i høve brukarar med omfattande hjelpebehov, og det er grunn til å rekne med at meirforbruk er redusert p.g.a. dette. Eininga har fått ressursmessige og økonomiske utfordringar knytt til etablering av postkjøken.

Teiglandshagen har vesentleg positivt avvik som i hovudsak er knytt til person/ar med omfattande hjelpebehov og budsjettering/refusjon knytt til dette.

Samla sett har Bømlo bu- og helsesenter inklusiv Teiglandshagen eit postivt avvik på 724.000 kr.

Psykisk helse

Psykiatrisk heimesjukepleie:

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem, tverrfagleg samarbeid, rettleiing av kollegaer, studentar og samarbeidspartnarar. Dagtilbodet Nyving er ein møteplass som tilbyr meiningsfulle aktivitetar og eit sosialt fellesskap. Eininga har vore aktive i høve kompetansetiltak og samhandling med andre tenester samt vurdering av endra organisering.

Avviksforklaring økonomi

Vesentleg del av det positive avviket er knytt til sjukefråvær der det ikkje vert leigt inn vikar.

Helsetenesta

Ergoterapitenesta/Hjelphemiddellager/Rehabiliteringskoordinator

Verksemda yt tenester til brukarar i alle aldrar, heimebuande og dei som har institusjonsplass, i heimen eller der dei oppheld seg på dagtid. Målsetjinga med ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemot-takar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnadjar. Aktuelle tiltak er trening i finmoto-riske dugleikar eller kognitive vanskar, tilretteleggja dei fysiske omgjevnadane, søkje om tekniske hjelpe-midlar eller finne nye måtar å utføra sine daglege oppgåver på.

Fysioterapitenesta

Tenesta yt rehabilitering til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, BBR, heim og poliklinisk. Fysioterapeutane samarbeider tverrfagleg intra-/interkommunalt og med spesialisthelsetenesta. Tenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogleg for å betre/oppretthalde brukars funksjon og førebyggja forverring. Prioritering ut frå behov og al-vorsgrad. Tenesta gir fysioterapibehandling, opplæring og samarbeid med ulike instansar.

Legetenesta

Bømlo kommune har 12 fastlegar og 1 turnuslege fordelt på 4 legekontor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Det har i 2015 vore vakansar i legetenesta som har vore krevjande å rekruttere til. Særleg gjeld dette Søre Bømlo. Vikardekning har vore naudsynt.

Avviksforklaring økonomi

Positivt avvik er m.a. knytt til ledige stillingar der det ikkje har vore tatt inn vikar.

Nav

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV – i tillegg til Lov om kommunale helse om omsorgstener (rus, hjelpetiltak osv). Hovudvekt ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl gjeldsrådgjeving) og særskilte tiltak for rusmiddelavhengige. Prosjektet «Arbeid og aktivitet» (Basen) som starta opp i 2011 er vidareført i drift. I tillegg ligg flyktningetenesta til Nav. Eininga har hatt god effekt av prosjekt Jobsjansen og Ressurskoordinator barnefattigdom. Utbetaling av sosialhjelp gjekk ned i 2015 noko som omhandlar gode avklaringar og «tett på», godt sosialt arbeid og større bruk av tiltaks menyen på NAV. Nav har busett flyktningar i tråd med vedtekne måltal.


Avviksforklaring økonomi

Gode avklaringar og bruk av tiltak har ført personar inn i utdanningsløp, arbeid og arbeidsretta tiltak med statlege tiltaksmidlar. Dette har redusert omfang sosial økonomisk stønad. NAV har i periodar hatt vakante stillingar der det ikkje er tatt inn vikar. NAV er deltarar i fleire prosjekt der tilskot har vore høgare enn budsjettert, samt at ein i 2015 har fått inn ekstratilskot til flyktningar.



Busette flyktningar Omar Alchikhido (34) og Fatma Majgoma Mohammad (22) i intervju med flyktningekonsulent Magny Røksund frå NAV Bømlo. (Foto: Simon K. Sortland).

TEKNISK AVDELING



Innleiing

Teknisk avdeling har ansvar for planlegging av investeringsprosjekt, vedlikehald av bygninger og kommunale vegar, handsaming av saker etter plan- og bygningslova i høve reguleringsplanar, kommuneplan, anna arealdisponering, frådeling og byggesaker, landbruk- og miljøsaker samt forvaltning av eigedomsskatt.

Økonomisk resultat 2015

Økonomisk resultat	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
Arealbruk (totalt) inkl.				
Kommuneplan	5 554	-128 181	-133 735	- 104%
Landbruk/miljø	1 713 199	1 969 088	255 889	13,0%
Eigedomsskatt	861 275	988 054	126 779	12,8%
Teknisk drift (totalt) inkl.	28 081 971	27 213 579	-867 392	-3,2%
4230 Renovasjon	-1 280		1 280	
4310 Reinhalde	6 477 356	6 396 322	-51 034	-0,8%
4315 Forsikring bygg/anlegg	1 086 824	947 776	-139 048	-14,7%
4330 Energi/enøk	6 801 869	6 826 795	24 926	0,4%
4370 Bygningsvedlikehald	7 366 904	6 903 526	-463 378	-6,7%
4371 Grøntanlegg	0	0	0	0%
4375 Grønt og Samferdsel	6 363 850	6 121 210	-242 640	-4,0%
4380 Investeringsprosjekt	-4 698	0	4 698	
4* Teknisk Avdeling	30 660 999	30 042 540	- 618 459	-2,1%

Ansvarsområda under teknisk avdeling



Hjullastaren hadde det travelt med opprydding etter NINA, her fra Moster skule. (Foto: Teknisk drift)

Arealbruk/Landbruks- og miljøavdeling/Teknisk drift

Tenester/oppgåver

Sakshandsaming av:

- Kommuneplan, reguleringsplanar, planprogram og konsekvensanalyser
- Jordlovshandsaming, konsesjonssøknader, oppdrettssaker og miljøsaker
- Søknad om startlån, søknad til Innovasjon Norge og tilskot til spesielle miljøtiltak SMIL
- Søknad om produksjonstilskot, avløysartilskot og avløysing ved sjukdom samt administrasjon av veterinærvakta.
- Forvaltning av friluftsområda i samarbeid med Friluftsrådet Vest
- Saksbehandling vilt og miljøsaker
- Byggesaker (inkludert tilsyn og kontroll), delingssaker, utslepp, eigarseksjonering
- Kart- og oppmålingssaker
- Gjennomføring av møter og kundebehandling
- Oppdatering av egedomsbasen DEK og føring i Matrikkelen
- Egedomskatt
- Drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar og grøntanlegg
- Styring av energiforbruk og enøk tiltak
- Oppfølging av reinhaldskontrakt
- Planlegging og gjennomføring av vedlikehald- og nybyggingsprosjekt
- Tildeling av vegnamn, adressering og montering av skilt
- Kvalitetssystem
- Infoland
- Kundetorg og internettssider teknisk avdeling

Mål og måloppnåing:

Aktivitet	2013	2014	2015
Vedtekne reguleringsplanar	14	6	7
Byggesaker (søknad utan ansvarsrett)	220	221	160
Byggesaker (søknad med ansvarsrett)	221	264	270
Tilsyn i omsøkt/ikkje omsøkt byggesaker	62	22	17
Pålegg i byggesaker	37	15	15
Delingsvedtak	130	126	139
Matrikkelbrev	330	250	338
Frådelingssaker etter jordlova	33	18	11
Konsesjonssaker	14	5	11
Søknader om produksjonstilskot i landbruket	90	90	100
Søknader om SMIL-midlar	13	18	12
Innvilga søknader om Start-lån	51	48	41
Tilskot til utbetring/tilpassing av bustad (kr)	960 000	312 350	797 745
Tilskot til etablering av bustad (kr)	1 380 000	2 075 600	1 351 025

Avviksforklaring:**Arealbruk:**

Arealbruk har eit negativt avvik på 133 735 kr. Avviket skuldast sviktande inntekter i tenesteområda plansak og byggjesak/deling. Dekningsgrad for sjølvkostområda i 2015er for teneste 3010 plansak 47%, teneste 3020 byggjesak og deling 92%, teneste 3030 oppmåling 140% (gjeld for år 2015, men tidlegare års underskot gjer at tenesteområdet framleis går med underskot).

Avgiftsnivået skal sjåast over ein 3- 5 års periode. Utført sjølvkostrekneskap for 2015 syner at vi ligg innanfor desse rammene. Inntektsgrunnlagt på plansak og byggjesak/deling har vore noko mindre i 2015. Dette skuldast utført noko mindre saker enn tidlegare år. I budsjettet for 2016 er det lagt opp til gebyrauke for alle desse tenesteområda.

Frå og med 01.07.2015 har plan- og bygningslova og forskrift om byggjesak medført ein nedgang i talet på søknader utan ansvarsrett.

Landbruk/miljø:

Landbruks- og miljøavdelinga har eit positivt avvik på kr. 255 889. Dette skuldast mellom anna vakanse i ei stilling i to månader, høgare gebyrinntekter på jordlovs- og konsesjonssaker samt lågare kostnader i viltforvaltninga.

Teknisk drift:

Teknisk drift har eit negativt avvik på kr. 867 392. Dette skuldast i stor grad kostnader i samband med flytting til nytt bygg og tilrettelegging av dette for å oppnå god og effektiv drift.

Orkanen Nina førte også til ein del skader og kostnader. Grunna god dokumentasjon ovafor forsikringsselskapet fekk kommunen refundert ein del av kostnadane gjennom gjeldande forsikringsordning, men på langt nær alle.

Driftsavdelinga har utnytta ressursane godt og det er utført mykje godt vedlikehaldsarbeid på både uteområda og på bygningsmassen.

Eigedomsskatt:

Eigedomsskatt har eit positivt avvik på kr. 126 779. Skattesatsen har vore 4 promille i 2015, uendra frå året før. Samla inntekt frå eigedomsskatt har vore kr. 29 049 151 i 2015.

Prosjekt:

Investeringsprosjekt vert finansiert over investeringsbudsjettet. Store prosjekt i arbeid i 2015 har vore: Nye Bremnes ungdomskule (prosjektering og anbodsprosess), ombygging Bømlo Bu- og helsecenter (prosjektering og anbodsprosess), utdjuping hamnebasseng ved Lyraholmen, Rubbestadneset (prosjektering) og tilbygg Bømlo sjukeheim (oppfølging i garantiperioden).

Brannvern/fieiing**Tenester/oppgåver**

Verksemda er delt inn i 2 hovudavdelingar:

Beredskap

Denne avdelinga er innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulykker.

Førebyggjande

Oppgåva til denne avdelinga er brannførebyggjande arbeid slik som tilsyn i særskilde brannobjekt, motivasjon- og informasjonstiltak og feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

**Mål og måloppnåing****Beredskapsavdelinga:**

Det er registrert 92 hendingar som beredskapen var involvert i. Det var 8 tilløp til brann i bygning i 2015, 8 trafikkulykker, 29 helseoppdrag, 25 unødige utrykkningar samt 23 andre oppdrag. Brannvernet har eit breitt spekter av oppdrag og utrykkningar.

Det er etablert fleire avtalar med kommunale arbeidsplassar om bistand i spesielle høver for å trygge dei tilsette. Gjennom heile året har det vore mykje fokus på bruk av nytt naudnett.

I 2015 starta ein opp med ny grunnopplæring for brannkonstablar der Bømlo brannvern er sentral i kursopplegget, samt at me har 3 personar som deltarar. Mot slutten av året kom ny prosedyre for samhandling ved aksjonar som inneholdt pågående livstruande vold (PLIVO). Brannvernet flytta oljevernlaget frå Moster til ny hall på Svortland.

*Spennande med open dag på brannstasjonen.
(Foto: Bjørn Kjetil Ljosdal).*

Førebyggjande:

Det var i 2015 registrert 75 særskilde brannobjekt i kommunen. Brannvernet førte tilsyn med 34 av desse objekta. Brannvernet har delteke i sentrale aksjonar som «brannvernveka» og «Aksjon boligbrann». Det er

gjennomført undervising for heile 6. klassetrinnet i grunnskulen, og det er gjennomført opplæringstiltak for verksemder og organisasjoner. Oppfølging av asylmottak og brann i fritidsbåtar har vore særskilte satsingsområder.

Førebyggjande har vore involvert i utarbeiding av nye prosedyrar for feiartenesta. Dette har vore utarbeidd i samarbeid med nabobrannvesen og ein har utarbeida felles informasjonsmateriell. Ein avdelingsleiar har gjennomført førebyggjande utdanning ved Norges brannskole.

Feiing:

I 2015 har det vore fokus på feiing og tilsyn av fritidsbygningar samt betring av internkontroll og prosedyrar. Det er tilsette i feiartenesta og ein av dei fullførte opplæring som førte fram til svenneprøve til ein av dei. Ein av dei tilsette var i permisjon store delar av året. Dette har gått ut over mengda utførte feiingar og tilsyn. Feiartenesta deltek saman med førebyggjande avdeling i brannvernkampanjar og ulike opplæringstiltak.

HMS:

Brannvernet har stort fokus på rutinar og vask av arbeidstøy for å redusere kreftfaren hjå brannkonstablane. Det er og kjøpt noko nytt tøy for å kunne ha skift av forureina utrykkingstøy.

Økonomisk resultat

Ansvar	Rekneskap 2015	Opphavleg budsj. 2015	Revidert budsjett 2015	Avvik
BRANNVERN	7 826 640	8 072 430	8 169 939	343 299
FEIING	0	0	-3 972	-3 972

På området feiing er det ført kr. 200.000 til bundne driftsfond. Det vil sei eit underforbruk. Dette kjem av at ein person har hatt permisjon store delar av året.

Avviksforklaring

Det er reduksjon i lønsutgifter til utrykkingar i forhold til førra året. Denne posten er auka noko i budsjett for 2015. Det har i 2015 vore skifta ut eit køyrety. Dette vart løyst innanfor ordinære investeringsramme. Utgifter til vedlikehald av anna utstyr viser seg igjen å ikkje strekkje til. Det er tidlegare påpekt at nytt naudnett har mykje høgare driftsutgifter enn det me hadde tildegarer utan at kommunen vert kompensert, og dette er no retta opp i budsjett framover.

KYRKJELEGE FØREMÅL

Ansvar:

Under denne seksjonen ligg tilskot til Kyrkjeleg fellesråd og kommunalt tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn.

Syner elles til Bømlo Kyrkjeleg fellesråd si årsmelding.

Økonomisk resultat

Ansvar		Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Avvik i %
5100	KYRKJELEGE FØREMÅL	7 543 527	7 543 527	0	0
5101	ANDRE TRUDOMSSAMFUNN	431 739	517 000	85 261	16,5
	SUM	7 975 266	8 060 527	85 261	1,1



Lykling kyrkje. (Foto: Geir Einarsen).